



Årsmelding 2025 med rekneskap




Foto: Zpirit

Idretts glede heile livet

STORD IL  STIFTA 1914

Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkelsen	2012–15
Nina H. Sleen	2016–18
Roy Sverre Amundsen	2019–



ÅRSMELDING 2025

Dagsorden årsmøte 2026.

1. Opning
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer
4. Val av møtetreferent
5. Val av to representantar til underskrift av protokoll
6. Godkjenning av forretningsordenen
7. Godkjenning av innkalling
8. Godkjenning av sakslista
9. Årsmelding frå hovedstyret, med økonomisk melding frå styret
 - 9.1 Årsmelding frå gruppene
 - 9.2 Melding frå Idrettsmerkeutvalet
 - 9.3 Årsmelding frå allianseidrettslag
10. Godkjenning av årsregnskap frå hovedlaget
 - 10.1 Grupperegnskap
11. Kontrollutvalet sin melding
12. Revisjonsberetning
13. Innkomne forslag
14. Fastsetje medlemskontingent for 2027 + treningskontingent for 2026
15. Godkjenning av budsjett 2026 for hovedlaget og gruppene
16. Handsame organisasjonsplanen for Stord IL
 - 16.1 Godkjenning av gruppestyra
17. Valkomiteen si innstilling
18. Val av revisor
19. Avslutning

GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN ÅRSMØTE STORD IL

Styret sitt forslag:

6.1 Årsmøtet vert leia av den valde dirigenten. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.

6.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For dei andre innlegga vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei som har teikna seg på talarlista. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.

6.3 Alle forslag må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast attende og nye forslag kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre gjerast i saker som står på saklista.

6.4 Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.

6.5 I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremja, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka, og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

Hovedstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner forslag til forretningsorden.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



STORD IDRETTSLAG

ÅRSMELDING 2025

STYRET I STORD IDRETTSLAG

Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar
Kjartan Grov	Nestleiar
Anne Sissel Mugaas	Styremedlem
Torger Tvedten	Styremedlem
Terje Aas	Styremedlem
Pia Østrem	Styremedlem – «Ungdomsrepresentant»
Nina Hovland Sleen	Varamedlem

HOVUDOPPGÅVER OG ORGANISERING

Styret har i perioden frå årsmøte i 2025 hatt 6 styremøte. Gruppeleiarane har vore invitert til utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 3 gonger. Denne samarbeidsforma har fungert godt og vore ein konstruktiv og identitetsskapande arena for utveksling av meiningar og informasjon.

Strategiplanen som vart utarbeidd i 2018 / 2019 skal vere rettleiande for Stord Idrettslag sin aktivitet og styrande for medlemmene sin åtfærd og haldningar gjennom eit bevisst forhold til laget sine visjonar og verdiar. Innhaldet i strategiplanen har ved fleire høve vore drøfta i styret, og revidert i 2022. Revidert strategiplan vert tatt opp med gruppene i løpet av 2026.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedtatt av kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år med verknad frå 01.01.2016, og omfattar alle anlegga på Vikahaugane inklusive skeisebanen, Langelandsbanen og Åsbanen, samt delvis leige av Nordbygdahallen. Stord Idrettslag betalte i 2025 ei samla årleg leige på ca. 1 400 000 til Stord kommune. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene, og har rett til framleige av dei anlegga som er omfatta av avtalen. Leigeinntektene og inntekter for reklame i hallane er føresetnaden for at avtalen med Stord kommune er realiserbar. Prosessen med reforhandling av avtalen er avslutta, og vart signert 04.03.2025. Når det gjeld skeisebanen er den tatt ut av leigeavtalen. Det er utarbeidd eigen avtale mellom Stord kommune og Stord IL om Ishallen som framleis er under utbygging ved årsskiftet 2025/2026..

Stord Idrettslag har ved fleire høve dei siste åra oppmoda Stord kommune om å avvikle betaling av leie for kommunale bygg og anlegg utan at det korkje administrativt eller politisk er tatt initiativ til ei endring. Det er etter styret sitt syn eit paradoks at Stord kommune, i ei tid med fråfall frå organisert idrettsaktivitet og problematisk kvardagsøkonomi for mange, krev nesten 1,5 mill. kr. i medlemsfinansiert husleige for offentleg bygg og anlegg. Dette gjeld sjølvsagt ikkje berre Stord Idrettslag, men alle frivillige lag og organisasjonar i Stord kommune.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av arealet inne i bygga og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber også at Stord Idrettslag skal utføre deler av vedlikehaldet av anlegga. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås, samt garderobeanlegga på Langeland og Vikahaugane.

Skigruppa i Stord Idrettslag har ansvaret for drift og vedlikehald av lysløypa og betaler straum og andre driftskostnader utan nokon form for økonomisk bidrag frå Stord kommune. Det same gjeld køyring av løyper med skigruppa sin løypemaskin utanom lysløypa. Ein formidabel dugnadsjobb som legg til rette for alle som brukar dagane med snø til turar i velpreparerte løyper. Det høyrer med til «historia» at også drift og vedlikehald av rulleskiløypa i Prestegardskogen er skigruppa sitt ansvar.

Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE.

Stord Idrettslag stifta i oktober 2019 Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE, med ein aksjekapital på kr. 50 000 og med følgjande føremål; sitat :

«Selskapet sitt føremål er å bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte idrettsanlegg som Stord Idrettslag og idrettslaga i alliansen eig, leiger eller har drifts – og vedlikehaldsansvar for. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til idrettsføremål.»



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Selskapet inngjekk avtale med Stord kommune om drift og vedlikehald av skeisebanen i slutten av november 2019. Avtalen er gjort gjeldande for skeisesesongane frå 2019 / 2020 til 2023 / 2024. Avtalen vert vidareført når «Ishallen» er ferdig i 2026, Det sportslege resultatet har vore særst bra og gledeleg for alle som er glad i skeisesporten. Skeisebanen har vore arena for ein vinteraktivitet som er unik for regionen, og har vore eit positivt tilskot for Stord kommune som regionsenter. Banen har vore i bruk frå oktober til medio mars og har vore nytta av innbyggjarane i heile Sunnhordland. Skeisebanen har også i den sesongen som vart avslutta i mars 2024 vore ein formidabel suksess med aktivitet «frå morgon til kveld». Mellom anna har barnehagar, barneskular, ungdomskular og vidaregåande skular i heile Sunnhordland nytta skeisebanen på føremiddagen og i skuletida; eit sokalla gratis «lågterskeltilbod» tilrettelagt på dugnad av eldsjelenes i skeisegruppa til Stord Idrettslag. Det er stor takksemd til skeisegruppa frå alle som har nytta skeisebanen til allsidige isaktivitetar etter at Vidrive overtok ansvaret for drift av skeisebanen med tilhøyrande fjernvarmeanlegg.

Ishallen – ein ny epoke for skeisesporten på Stord og folket i Sunnhordland.

22.07.2024 vart kontrakten mellom Vidrive og Fronta AS om bygging av ishallen signert etter at Stord Idrettslag / Vidrive hadde gjennomført anbodskonkurranse om totalentreprisen for prosjektet. Ishallen er i realiteten innbygging av eksisterande skeisebane til eit heilårs idrettsanlegg; også tilrettelagt for allsidige aktivitetar innandørs i sumarsesongen.

Ishallen vart teken i bruk i mars 2026 med «Offisiell og formell opning» fredag 06.03.2026 og påfølgjande fri bruk laurdag 07.03.2026.

Ishallen er bygd på eit berekraftig fundament, og skildra som «Noregs grønaste idrettsanlegg» når produksjonsanlegga for energi vert sett i drift, og energien vert nytta til oppvarming av alle bygga på Vikahaugane.

Organiseringa som eit allianseidrettslag.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball er den einaste sjølvstendige klubben i alliansen, fungerer tilfredsstillande. Leiaren i Stord Fotball vert alltid invitert til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp. Stord Symjing vart etter vedtak på årsmøte i 2022 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2022.

Stord Orientering vart etter vedtak på årsmøte i 2023 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2023.

Resten av laga er følgjeleg ei gruppe i Stord Idrettslag.

Stord IL, har no 8 undergrupper : Handball, Friidrett, Turn, Volleyball, Ski, Skeisar, Orientering og Symjing.

ÅRSMELDINGANE FRÅ GRUPPENE OG ALLIANSEIDRETTSLAG

Årsmeldingene frå gruppene vert lagt fram for årsmøte i SIL som orienteringssak, og er ein sjølvstendig og vesentleg del av årsmeldinga til Stord Idrettslag.

Gruppene i Stord Idrettslag

- Friidrettsgruppa
- Handballgruppa
- Skeisegruppa
- Skigruppa
- Symjegruppa
- Turngruppa
- Volleyballgruppa
- Orienteringsgruppa

Årsmeldinga for allianseidrettslaget er soleis inkludert i denne årsmeldinga, og er eit viktig historisk dokument som viser den samla aktiviteten i Stord Idrettslag for kvart år.

Allianseidrettslag

- Stord Fotball

STORD IDRETTSLAG SITT SAMFUNNSANSVAR – «BREIDDE OG TOPP»

Det er all grunn til å gleda seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidretten i regi av Stord Idrettslag. Det er her me skapar breidda og trygge sosiale idrettsmiljø, som også legg til rette for satsing på toppidrett for idrettsutøvarar som har ambisjonar i dei einskilde idrettane. I godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med dei beste i landet. Friidrett og skeise er eit døme på at målretta og kunnskapsbasert trening over tid gir resultat på høgt nasjonalt nivå.

Stord Idrettslag har i løpet av 2024 etablert eit ekstra tilbod til dei som ynskjer å auke treningsmengda gjennom «morgontreninga», som er ei organisert trening før skulen tek til. Tilbodet er vidareført til 2025 og 2026.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

MEDLEMSTAL

Dagleg leiar har over tid lagt ned mykje arbeid for å få eit system som til ei kvar tid sikrar oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag. Dette er eit krevjande arbeid som krev kontinuerleg fokus.

Stord IL, har tatt i bruk «Klubb Admin» som sitt medlemssystem.

Innkrevjing av medlemskontingent er dagleg leiar sitt ansvar, og har fungert særst godt.

Basert på rapportar frå gruppene og Stord Fotball har Stord Allianseidrettslag 1869 medlemmer pr. 31.12.2025, medan medlemstalet pr. 31.12.2024 var 1923, pr. 31.12.2023 var 1939 pr. 31.12.22 var 1863, pr. 31.12.2021 var 1893, pr. 31.12.2020 var 2 023 og pr. 31.12.2019 var 2 161.

Av medlemsmassen er det 610 jenter mellom 3 og 19 år pr. 31.12.2025.

Tilsvarende var det 636 jenter mellom 3 og 19 år. pr. 31.12.24.

638 jenter pr. 31.12.2023 - 619 jenter pr 31.12.22 - 664 jenter pr

31.12.2021 - 637 jenter pr. 31.12.2020 - 769 jenter pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Av medlemsmassen er det 582 gutar mellom 3 og 19 år pr. 31.12.2025.

Tilsvarende var det 630 gutar mellom 3 og 19 år. pr. 31.12.24.

641 gutar pr. 31.12.2023 - 621 gutar pr 31.12.22 – 620 gutar pr

31.12.2021 - 645 gutar pr. 31.12.2020 - 709 gutar pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge gode og allsidige tilbod.

ANLEGGsutvikling

Stord Idrettslag starta våren 2019 ein prosess med arbeidstittel; «Arealanalyse for Vikhaugane» med mål om lage ein plan for disponering av det arealet som ikkje er bandlagt eller nytta til utbygging, eller andre føremål på Vikhaugane. Stord Idrettslag vonar at arealanalysen vert eit viktig bidrag i diskusjonen om den vidare utbygginga av idrettsanlegga på Vikhaugane i eit langsiktig perspektiv, kor utbyggingsrekkefølgjen er avgjerande for ei effektiv og framtidsretta arealutnytting.

Arealanalysen har so langt vore avgjerande for at Ishallen no er i ferd med å bli realisert.

Stord kommune har i samband med sine investeringsbudsjett for perioden 2022 – 2025 vedtatt bygging av ein «Dobbel-hall» som erstatning for Rackethallen i samsvar med arealanalysen.

Stord Idrettslag er invitert til å delta i den kommunale prosjektgruppa som skal utarbeide forprosjekt for den nye hallen. Arbeidet er «i skrivande stund» stoppa grunna Stord kommune sin manglande moglegheit til finansiering av hallen.

Stord Idrettslag har fått i oppdrag av Stord kommune å vidareføre prosjektet «Dobbel-hall» i samsvar med arealanalysen. Arbeidet med utarbeiding av forprosjektet er ved årskiftet 2025 / 2026 starta. Forprosjektet vert fullført i løpet av første halvår 2026.

Styret vil ta initiativ til at det vert fremja ei sak om nye sandvolleyballbanar på Vikhaugane

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



for Idrettsrådet og Stord kommune i løpet av 2026. I arealanalysen for Vikahaugane er sandvolleyballanlegget lokalisert sentralt mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen der «Paviljongen» tidlegare var plassert.

Styret har registrert at planane om rehabilitering eller påbygg av symjehallen i sentrum av Stord kommune har i samband med budsjett for 2023 og økonomiplanen for perioden 2023 – 2026 vedtatt at det skal utarbeidast ein forstudie for vurdering av alternative løysingar og lokalisering av ny svømmehall. Kommunestyret har vedtatt at lokaliseringa, slik den er fremja i arealanalysen for Vikahaugane, skal vere eit av alternativa som skal vurderast i forstudien. Stord Idrettslag har deltatt i ei kommunal prosjektgruppa som har utarbeidd forstudien kor alternative lokaliseringar av ny symjehall er vurdert. Forstudien konkluderer med at ny symjehall på Stord skal byggjast på Vikahaugane.

Stord IL, har saman med Stord VGS og Stord Kommune gjennomført ei oppgradering av eksisterande styrkerom på Vikahaugane dei siste 2 årene. Her har det blitt investert over kr. 750 000 på maling, nytt golv, ny belysning, og nytt utstyr. Eit prosjekt som ikkje hadde vore mogleg å realisera utan samarbeid.

Kiosken i «Nyehallen» med tilhøyrande kjøkken er i samarbeid med Stord kommune utvida og fornya i 2024. Sparbanken Vest har gitt eit betydeleg beløp til prosjektet.

Kommunestyret har sett av kr. 5 250 000 til rehabilitering av Stord stadion, grasbanen og friidrettsarenaen i 2025. Dette let seg ikkje gjennomføre på noverande tidspunkt grunna manglande finansiering. Styret vil jobbe aktivt for at det vert utarbeidd eit forprosjekt som klargjer omfanget av rehabiliteringa, og vonar at prosjektet kan gjennomførast i økonomiplanperioden 2026 – 2030.

Det er i 2025 gjennomført eit omfattande rehabiliteringsarbeid av fellesarealet i «Nyehallen». Eit omfattande arbeid utført i samarbeid med Stord kommune, kor handballgruppa har stått for komplett utføring av arbeidet. Takk for en fantastisk dugnadsinnsats, og stor takk til Kvinnheradstiftinga for finansieringsbistand som gjorde det mogleg å gjennomføre prosjektet.

Stord Idrettslag med tilhøyrande grupper og allianselag er også engasjert i mange anleggsprosjekt som er i forskjellige fasar i prosjektutviklinga. Mellom anna har volleyballgruppa saman med Stord kommune bygd og finansiert nye sandvolleyballbanar i Nordbygda til stor glede både for medlemmane i Stord Idrettslag og andre «volleyballentusiastar».



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyring og lagt fram rekneskap for 2024 med tilfredsstillande resultat.

Styret i Stord Idrettslag legg fram samla rekneskap for 2025, med unnatak av Stord Fotball som er sjølvstendige idrettslag i alliansen, med følgjande resultat :

STORD IDRETTSLAG - SAMLA

RESULTATREKNESKAP	2025	2024
Driftsinntekter og driftskostnader		
Driftsinntekter	18 658 688	16 168 795
Driftskostnader	18 458 473	16 297 362
Driftsresultat	200 215	-128 567
Resultat av finanspostar	662 498	505 805
Årsresultat (overskot)	852 393	377 239
Overføringar		
Avsett til «SIL Støttefond»		0
Avsett til anna eigenkapital	852 393	377 239
Sum disponert	852 393	377 239

Resultatrekneskapen viser eit årsresultat for 2025 med eit positivt årsresultat med kr. 852 393

Overskotet, kr. 852 393, vert avsett til annan eigenkapital

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



BALANSE	2025	2024
EIGEDLAR		
Anleggsmidlar		
Varige driftsmidler / Inventar og utstyr	2 716 349	3 046 093
Finansielle anleggsmidlar	90 000	90 000
Sum anleggsmidlar	2 806 349	3 136 093
Omløpsmidlar		
Fordringer	444 134	562 891
Andre fordringer	144 764	115 647
Sum fordringer	588 898	678 537
Investeringer		
Markedsbaserte aksjer	3 174 936	0
Sum investeringer	3 174 936	0
Bankinnskott, kontantar og liknande.	14 848 371	15 727 826
Sum omløpsmidlar	18 612 205	16 406 363
SUM EIGEDLAR	21 418 554	19 542 456
BALANSE	2025	2024
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	18 294 976	17 419 302
Sum opptent eigenkapital	18 344 976	17 469 302
Gjeld		
Gjeld i kredittinstit. / langsiktig gjeld	0	0
Leverandørgjeld	663 184	349 925
Skyldig offentlege avgifter	183 533	392 561
Anna kortsiktig gjeld	2 226 861	1 330 669
Sum kortsiktig gjeld	3 073 578	2 073 154
Sum gjeld	3 073 578	2 073 154
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	21 418 554	19 542 456



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

STORD IDRETTSLAG – HOVUDLAGET

RESULTATREKNESKAP	2025	2024
Driftsinntekter og driftskostnader		
Driftsinntekter	3 349 512	2 746 277
Anna driftsinntekt	248 713	587 925
Sum driftsinntekter	3 598 225	3 334 202
Driftskostnader	3 358 389	3 366 950
Driftsresultat	239 836	- 32 748
Resultat av finansposter	96 233	80 105
Årsresultat (overskot)	336 069	47 357
Overføringer		
Avsett til anna egenkapital	336 069	47 357
Avsett til «SIL Støttefond»	0	0
Overført fra anna egenkapital	0	0
Sum disponert	336 069	47 357

Resultatrekneskapen viser eit årsresultat for 2025 med eit positivt årsresultat med kr. 336 069

Overskotet, kr.336 069 vert avsett til annan eigenkapital

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



BALANSE	2025	2024
EIGEDLAR		
Anleggsmidler		
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	1 308 650	1 395 850
Varige driftsmidler / Inventar og utstyr	47 500	93 600
Finansielle anleggsmidler	90 000	90 000
Sum anleggsmidler	1 446 150	1 579 450
Omløpsmidlar		
Fordringer	590 599	897 918
Andre kortsiktige fordringer	144 597	135 700
Konsernfordringer	363 525	306 039
Sum fordringer	1 098 721	1 132 918
Innvesteringar		
Bankinnskott, kontantar og liknande.	3 371 516	2 511 697
Sum omløpsmidlar	4 470 236	3 644 615
SUM EIGEDLAR	5 916 386	5 224 065
BALANSE	2025	2024
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	3 624 674	3 288 604
Sum opptent eigenkapital	3 674 674	3 338 604
Gjeld		
Gjeld til kreditinst. / Langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	295 419	364 741
Skyldig offentlege avgifter	50 783	143 041
Anna kortsiktig gjeld	1 895 511	1 377 680
Sum kortsiktig gjeld	2 241 713	1 885 461
Sum gjeld	2 241 713	1 885 461
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	5 916 386	5 224 065



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Revisjon og rekneskap.

Styret vil understreka at alle rekneskap er ført i samsvar med god rekneskaps-skikk i nært samarbeid med laget sin revisor, CEDRA (tidlegare KPMG).

Hovudlaget har halde fram avtalen sin med ECIT om føring av rekneskap. Stord Idrettslag er godt nøgd med det arbeidet ECIT utfører og det tillitsfulle samarbeidet mellom idrettslaget og dei tilsette i ECIT.

Budsjettdisiplin og økonomistyring er alltid sentrale tema for idrettslaget.

Interne rutinar i rekneskapsføring har i 2025 hatt fokus på oppfølging av dokumentasjonsplikta og periodisert rapportering, kor kvalitetssikring og samarbeid med rekneskapsføraren til hovudlaget og revisor er avgjerande for kontroll og god styringsinformasjon.

Stord Idrettslag er nøgd med at «Vipps» har erstatta store deler av omsetnaden som tidlegare var basert på «kontantar og kassabehaldning».

SAMFUNNSREKNESKAP – FOLKEHELSEPERSPEKTIVET TILBAKEBLIKK OG FRAMBLIKK

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003 for fyrste gong eit samfunnsrekneskap for å synleggjera verdien av den innsatsen som idretten skaper i samband med meningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom. Den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og dugnadsarbeidande medlemmar og frivillige utgjer i dag ein verdi i overkant av 70 million kroner pr. år.

Stord kommune har støtta Stord Idrettslag med kr. 200 000 kvart år i perioden 2016 - 2019 til finansiering av dagleg leiar. Frå 2020 vert det ikkje ytt tilskot frå Stord kommune.

Stord Idrettslag har tatt saka opp med Stord kommune ved fleire høve med ei oppmoding om at tilskotet vert gjort gjeldande igjen.

Stord Idrettslag sin posisjon som samfunnsbyggjar er sær viktig i arbeidet med å gjere Stord kommune til ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i og bu i. Me skal vere med på å skape eit levedyktig og inkluderande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår og ei variert og meningsfylt fritid for alle oss som bur i kommunen og regionen.

Visjonen til Stord Idrettslag, uttrykt i mottoet «*Idrettsglede heile livet*», skal vere drivkrafta til idrettslaget i eit folkehelseperspektiv.

Idretten sin grunnleggjande filosofi om «fair play» og respekt skal «ligge i ryggmargen» til alle som driv med idrett og er tillitsvalte. Det skal i Stord Idrettslag vere samanheng mellom det me seier og det me gjer i praksis. Styret i Stord Idrettslag vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg kvar einaste dag året rundt.

Eit godt døme på at Stord Idrettslag tek eit «utvida» samfunnsansvar er når me har totalansvaret for å arrangere 17. mai i Leirvik. Kvart tredje år, sist i 2024, har turngruppa i Stord Idrettslag ansvaret for planlegging, tryggleik og administrasjon av den fysiske gjennomføring av 17. mai feiringa.

HEIMESIDER / SOSIALE MEDIER

Stord Idrettslag saman med gruppene og allianseidrettslaget har ei felles startside på nettportalen sin. Oppdatering av gruppene sine egne sider varierer frå gruppe til gruppe.

Dagleg leiar jobbar aktivt med å betre startsidea. Styret har tidlegare vedtatt å innleia samarbeid med lokal rådgjevar for å modernisere heimesida og utvikle ein eintydig grafisk profil for idrettslaget. Arbeidet ventast for det meste å vere fullført i løpet av 2026.

Hovudlaget ønskjer å nytte sosiale media på ein betre og meir aktiv måte framover. Det er likevel gruppene som gjennom sine omfattande aktivitetar nyttar dei sosiale media til dagleg kommunikasjon og utveksling av informasjon.

TILLITSVALDE OG FRIVILLIGE

Tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og frivillige i gruppene og allianseidrettslaga er fundamentet for Stord Idrettslag. Stord Idrettslag er, med sine i underkant av 2000 medlemmar samt tillitsvalde og frivillige, saman med dei andre idrettslaga og frivillige organisasjonar i kommunen bærebjelken i samfunnet. Kvar einskild sin innsats og bidrag er avgjerande for at Stord Idrettslag kan vere motoren for idrettsaktivitetane på Stord.

Det er eit sterkt ønskje at fleire unge vil delta aktivt i ulike tillitsverv og styrearbeid. Hovudstyret oppmodar gruppene og allianseidrettslaga om å prioritera etablering av ungdomsstyre i kvar enkelt gruppe.

Stord Idrettslag takkar trenarar, lagleiarar, frivillige og foreldre for den fantastiske jobben de har lagt ned i løpet av 2025.

ARBEIDSMILJØ OG IDRETTS MILJØ

Det er etter styret si oppfatning eit godt og trygt arbeidsmiljø blant dei tilsette i gruppene og i hovudlaget. Som tilsett i idrettslag vert det ofte høg aktivitet både på kveldstid og i helger i samband med arrangement. Dette kan medføre høg arbeidsbelastning i periodar.

I frivillige organisasjonar kan det vere vanskeleg å gjere ei fordeling av oppgåver og ansvar mellom tilsette og dei frivillige. Det er viktig at styret i hovudlaget og styra i gruppene i allianseidrettslaga er bevisst si rolle som arbeidsgjevar og det ansvaret dei har for dei tilsette sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Verdigrunnlaget til Stord Idrettslag, slik det er formulert i strategiplanen, skal vere førande for vår utvikling av idrettsmiljøet i laget; sitat :

«Stord Idrettslag er ein arena for alle som vil oppleve fellesskap, utvikling og sportsleg meistring. I eit trygt og dopingfritt treningsmiljø prega av Fair Play kan ein nå sine ambisjonar på alle nivå. Aktivitetane og miljøet byggjer på respekt for den einskilde, er inkluderande og ivaretakande uansett bakgrunn.»

BEREKRAFT OG DET YTRE MILJØ.

I eit sirkulært perspektiv er målet å nytta alle ressursar best mogleg. Minst mogleg skal kastast som avfall, men haldast i eit kretsløp der resirkulering og gjenbruk fører til mindre behov for nye råvarer og reduserte utslepp av klimagassar.

Omgrepet «*berekraft*» er nytta i mange samanhengar og vert kommunisert og tolka på mange forskjellige måtar. Styret i Stord Idrettslag meiner at berekraft slik det vart lansert i Bruntlandkommisjonen sin rapport «*Vår felles framtid*» gir meining og forståing i eit heilskapleg og haldningsskapande perspektiv. I rapporten er berekraft definert som; «*utvikling som imøtekommer dagens behov utan å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.*»

Styret i Stord Idrettslag er ikkje kjend med at laget si verksemd påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Mykje av utandørsaktivitetane til Stord Idrettslag skjer på kunstgrasbanar med gummigranulat som fører til utslepp av granulat og mikroplast til naturen og sårbare resipientar via overvassleidningar. Det er Stord kommune som er eigar av alle kunstgrasbanane i Stord kommune, og som Stord Idrettslag leiger. Stord Idrettslag vil ta initiativ til å innleia ein dialog med kommunen om å setje i verk tiltak for å redusere forureiningsfaren frå kunstgrasbanane også i 2026.

Stord Idrettslag ønskjer å arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk «apostlenes hester» til og frå trening og kampar.

Styret har starta ein prosess med utgangspunkt i FN sine berekraftmål fram til 2030. Norges Idrettsforbund har i sine langtidsplanar mål om at idrettsrørsla i Noreg skal drivast i samsvar med FN sine berekraftmål. Styret har i 2023 utarbeidd forslag til «*Bærekraftplan for Stord Idrettslag*». Styret vil fortsette å involvere gruppene og allianseidrettslag i arbeidet med å nå enkelte av FN's berekraftsmål i 2026.

Eit av dei beste døma på berekraft er at Stord Idrettslag gjennom sitt dotterselskap VIDRIVE leverer overskotsenergi frå skeisebanen til dei kommunale bygga og den vidaregåande skulen på Vikahaugane. Den nye Ishallen vil når den er ferdig og tatt i bruk vere Noregs «grønaste» idrettsanlegg, og eit godt døme på at det er «samanheng mellom det ein sei og det ein gjer» i Stord kommune og Stord Idrettslag.

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Stord Idrettslag oppmodar alle medlemmar og støttespelarar til å gjere idretten til eit førebilde kor me alle tar eit tak for miljøet og ei berekraftig utvikling av samfunnet vi lever i.

Årsmeldinga for Stord Idrettslag skal gi eit historisk tilbakeblikk på kva idrettslaget sine medlemmar har oppnådd gjennom aktivitet og konkurranse, og samstundes gi eit framblikk om kva mål og ønskjer me har for framtida.

**TAKK FOR MANGE GODE OPPLEVINGAR I 2025
OG LYKKE TIL I 2026**

Idrettsglede heile livet

Stord mars 2026

Roy-Sverre Amundsen
Styreleiar

Kjartan Grov
Nestleiar

Anne Sissel Mugaas
Styremedlem

Torger Tvedten
Styremedlem

Pia Østrem
Styremedlem

Terje Aas
Styremedlem



Sak 9.1 Årsmelding fra gruppene.

Sak 9.1.1 Handballgruppa

Sak 9.1.2 Friidrettsgruppa

Sak 9.1.3 Turngruppa

Sak 9.1.4 Skigruppa

Sak 9.1.5 Skeisegruppa

Sak 9.1.6 Volleyballgruppa

Sak 9.1.7 Symjegruppa

Sak 9.1.8 Orienteringsgruppa

Sak 9.2 Idrettsmerkeutvalet

Sak 9.3 Årsmelding fra allianseidrettslag.

Sak 9.3.1 Stord Fotball



ÅRSMELDING 2025

Stord Idrettslag Handballgruppa



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2025

Styret i 2025 har vore:

- Leiar **Aksel Sæther**
- Økonomi **Gunnhild Lothe**
- Marknad **Stein Aaserud**
- Utstyr **Franny Maria Bøthner**
- Arrangement **Njål Hamre Olsen**
(Tonje Aamot Haga fram til mars 2025)
- Inkludering **Ellen Salomonsen**

Administrasjon:

- Dagleg leiar **Bjarte Straume Epland**
- Kontorleiar **Ann-Helen Hareide**

Styret har hatt månadlege styremøte i 2025 kor administrasjonen har delteke. Det har og vore ei rekkje lagleiar- og trenarmøte for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

Tilsette

Klubben har to tilsette i 100% stilling. Bjarte Epland er dagleg leiar, sportsleg leiar og festivalleiar for Rema 1000 Handballfestivalen. Ann-Helen sit som administrativ kontorleiar, og me er svært nøgde med å ha to gode ressursar i full stilling. Klubben har og ei rekkje personar tilsett i trenarstillingar i varierende omfang.

Økonomi

Stord Handball går ut av 2025 med ein sterk og målretta økonomi. Klubben leverer eit tydeleg positivt resultat, noko som stadfestar god drift, solid kostnadskontroll og evne til å skapa stabile og føreseielege inntekter. Det økonomiske fundamentet er styrkt gjennom året og gir klubben reelt handlingsrom for vidare utvikling.

Rema 1000 Handballfestivalen er framleis klubben si viktigaste inntektskjelde og ein strategisk bærebjelke for framtidig satsing. Årets gjennomføring gav svært god effekt, både økonomisk og organisatorisk. Festivalen er ikkje berre eit arrangement – den er ein sentral del av identiteten og berekrafta til Stord Handball. Den enorme frivillige innsatsen og støtta frå samarbeidspartnarane våre gjer det mogleg å halda eit nivå som både styrker økonomien og omdømet til klubben.

Klubbdugnaden vart endra i 2025. FibGreen-ordninga vart gjennomført for dei eldste laga, medan dei yngre laga heldt fram med lotteri etter tidlegare modell. Denne differensierte løysinga har gjeve stabile og føreseielege inntekter, samstundes som ein tek omsyn til alder, motivasjon og gjennomføringsevne. Styret har òg teke aktive grep for å sikra langsiktig og ansvarleg forvaltning av klubben sine midlar gjennom ei balansert kapitalplassering. Dette bidreg til å byggja verdi over tid, samstundes som ein tek vare på tryggleik og stabilitet.

Den positive økonomiske utviklinga gjev oss reelt handlingsrom til å vera offensive. Klubben prioriterer spelarutvikling på fleire nivå og legg til rette for deltaking i Bringserien, sonesamlingar, Bylag og andre regionale tiltak. Dette er viktige utviklingsarenaer for spelarane våre og ein naturleg del av satsinga på både breidde og ambisjon.

Handlingsrommet vert brukt målretta til å styrkja heile organisasjonen. Me investerer i trenarkompetanse, vidareutviklar rekrutteringsarbeidet og sikrar gode rammer for dei yngste laga. I tillegg styrkjer me støtteapparat og struktur rundt laga, slik at både spelarar og trenarar får best mogleg føresetnader for utvikling. Slik legg me grunnlaget for vidare sportslege ambisjonar og investerer i tiltak som byggjer klubbkultur, identitet og fellesskap. Økonomisk overskot skal ikkje berre gje tryggleik – det skal driva klubben framover. Stord Handball skal vera ein klubb med både breidde og ambisjonar. Med ansvarleg drift som fundament og vilje til å satsa, står me godt rusta til å ta nye steg – både sportsleg og organisatorisk – i åra som kjem.

Marknad

I 2025 har Stord Handball teke viktige steg for å profesjonalisera våre partnarskap. Gjennom tydelegare produktpakkar og ein heilskapleg profil på draktene våre, har me lagt til rette for førebuande og attraktive rammer for alle som støttar oss.

Me har mange lojale medspelarar, men ser samstundes eit behov for at fleire aktørar anerkjenner sitt ansvar i det lokale «økosystemet». Rema 1000 Handballfestivalen er eit godt døme: som eit av dei største barneidrettsarrangementa på Vestlandet, set me Stord på kartet og skaper store økonomiske ringverknader. Me prioriterer konsekvent lokale innkjøp, men opplever diverre ein aukande tendens der enkelte verksemdar ønskjer å profitere på våre deltakarar utan å bidra attende til fellesskapet. Denne utviklinga speglar kanskje ein samfunnstrend prega av individuelle omsyn og kortsiktig vinning, noko som står i sterk kontrast til Stord Handball sine verdiar om dugnad, samhald og respekt. Vår kjerneoppgåve er å sikre born og unge gode oppvekstvilkår og idrettsglede året rundt – ei oppgåve me ikkje kan løysa åleine.



Det er difor gledeleg, og til ettertanke for det lokale næringslivet, at ein av våre største sponsorar har hovudkontor utanfor Stord. Ventor er eit polsk selskap som tek eit aktivt samfunnsansvar kor dei utfører sitt arbeid, og forstår verdien av å investera i lokalsamfunnet. Me ønskjer å spela det lokale næringslivet godt, og ser fram mot vidare marknadsarbeid tufta på gjensidig respekt og felles vilje til å gjera Stord til ein god plass å veksa opp.

Medlemstal

Klubben brukar Spond Club som sitt aktive medlemssystem, og alle laga bruker Spond som sitt kommunikasjonsverktøy. Me bruker og NIF sine system KlubbAdmin, SportsAdmin og TurneringsAdmin for å handtera kamprapportar, lisensar, overgangar og andre element som er naudsynte mot NHF si drift.

Medlemmar	Pr. 31.12.2024			Pr. 31.12.2025			ENDRING			
	Jenter	Gutar	Totalt	Jenter	Gutar	Totalt	Jenter	Gutar	Totalt	Prosent
6-12 år	164	131	295	188	120	308	24	-11	13	4 %
13-18 år	71	39	110	65	52	117	-6	13	7	6 %
Over 18 år	20	16	36	19	21	40	-1	5	4	11 %
Spelarar	255	186	441	272	193	465	17	7	24	5 %
Ikkje-aktive	65	32	97	71	35	106	6	3	9	9 %
Totalt medlemmar	320	218	538	343	228	571	23	10	33	6 %

Tala for 2025 er hyggeleg lesnad og visar at me totalt sett aukar tal på spelarar med 5%. Dette er ei auke me er svært nøgde med! Det er og fint å sjå at me har auka talet «ikkje-aktive» med 9%, noko som tyder på at me fortset å veksa i støttefunksjonane rundt laga og klubben. Me har fokus på dei gruppene me har nedgang (dei yngste gutane og jentene i ungdomsåra) og jobbar for å auka medlemstala i desse gruppene.

Klede

Før denne sesongen blei det klart at fleire nye sponsorar skulle på plass på spelardrakta. Me landa på at me skulle gjera eit draktskifte og alle spelarane i klubben skulle få ny spelardrakt, og august og juni vart nytta til trykking av over 400 nye drakter.



Denne våren gjekk Stord Handball inn i ein avtale med Falk Sport som ny samarbeidspartner på klede. Samstundes valde me å byta til ein annan kolleksjon i Hummel-sortimentet; seniorlaga våre fekk ny kampdress og alle trenarar og lagleiarar fekk ny jakke og t-skjorte til sesongstart. No er me ikkje berre ein fantastisk handballklubb på innsida, men og på utsjåande.

Inkludering

Inkluderingsansvarleg er ein del av styret i Stord Handball og skal bidra til at klubben har eit godt og trygt miljø for alle. Arbeidet handlar om å ta vare på fellesskapen i klubben og støtta opp om gode haldningar i kvardagen – både blant spelarar, trenarar, føresette og andre frivillige. Gjennom året har inkluderingsansvarleg delteke på foreldremøte, spelarmøte og lagleiararmøte, og vore ein samtalepartner for lag som har behov for støtte i saker som handlar om samarbeid, trivsel og respekt. Målet er at alle skal kjenna seg inkluderte og oppleve at dei høyrer til i klubben.



Klubben skal vera ein stad der alle kan delta, uavhengig av økonomisk situasjon. Inkluderingsansvarleg bidreg til at familiar får informasjon om aktuelle støtteordningar, og legg til rette for gode løysingar når det trengst, slik at økonomi ikkje vert ein barriere for deltaking. Oppgåvene omfattar også innhenting og registrering av politiattestar for frivillige og dommarar, samt samtykke til bildedeling. Dette er viktige rutinar som skal sikra trygge rammer rundt aktiviteten vår. Inkluderingsarbeidet er ein naturleg del av drifta i klubben, og bidreg til å styrkja samhaldet og lagkjensla i Stord Handball.

Utvikling av Vikahaugane – ny dobbelhall

Me har gjennom året lagt ned mange dugnadstimar for å gje Vikahaugane eit løft, spesielt områda rundt kiosk og garderober i Nyehallen.



Stord IL har fått midlar til investering, og Stord kommune har tatt jobben med å legge nytt golv. Stord Handball har tatt jobben med å maae veggjar, dører og rekkverk – samt å profilera dørene. Det har vore veldig gjevande for alle å sjå at dette arbeidet har gjeve anlegget eit stort løft, og me jobbar vidare med maling og oppussing utover i 2026.

Då Rackethallen vart stengt på ubestemt tid dette året, vart planane om å erstatta Rackethallen med ein ny dobbelhall igjen aktualisert. Handballgruppa har saman med Stord Idrettslag vore ein sterk pådrivar i dette arbeidet, kor ein no har fått eit mandat frå kommunestyret i Stord kommune om å utgreia ein prosjektplan for ny dobbelhall som skal erstatta dagens Rackethall.



Me er ei gruppe i sterk vekst og har eit stort engasjement og driv for å utvikla oss vidare. Tilstrekkeleg med halltid er heilt essensielt i desse planane, og ein ny dobbelhall på Vikahaugane vert det viktigaste me som gruppe og idrettslag skal jobba med den nærmaste tida.

Kamparrangement

I 2025 har arrangementskomiteen vidareført og vidareutvikla arbeidet med å skapa gode rammer rundt alle arrangement i regi av Stord Handball. Som tidlegare år har ungdomsavdelinga hatt ansvar for gjennomføring av kamparrangement i barne- og ungdomshandballen. Ein eigen komité har også dette året samarbeidd tett med lagleiarar og støtteapparat rundt både borne- og ungdomslag, og mot seniorlaga for å sikra profesjonelle, engasjerande og trygge rammer rundt alle arrangement. Målet er framleis å skapa ei heilskapleg, positiv oppleving for spelarar, trenarar, dommarar og publikum – noko me gjer steg-for-steg for kvar sesong.



Bring-arrangement

Eit av dei største høgdepunkta i 2025 var Bringrunden i Nyehallen, der me tok imot laga Indre og HK Rygge. Arrangementet vart svært vellukka, og me sette publikumsrekord for Bringkampar denne helga, med 401 tilskodarar på tribunen. Dette gav ein fantastisk atmosfære og er eit tydeleg teikn på den aukande interessa rundt handballen på Stord.

Arbeid med lydanlegg

Det er i 2025 lagt ned ein god del arbeid i å finna ei god løysing for nytt lydanlegg i hallen. Det er henta inn fleire tilbod, både på fastmontert system og meir mobile, fleksible alternativ. Målet er å få på plass eit anlegg som sikrar god lyd både til kamp, speaker, musikk og andre arrangement gjennom sesongen.



Supportereffektar

For å styrka kampopplevinga ytterlegare har klubben investert i nye supportereffektar. Me har no både trommer, flagg og skjerf til både sal og utlån. Det er også starta arbeid med fleire typar supportermateriell inn mot neste sesong for å skapa endå meir liv på tribunen og tydeleg klubbidentitet.

Sesongkort og profilkort

Klubben har investert i eigen plastkortprinter, som gjer at me no produserer eigne sesongkort for seniorkampane. I tillegg har me utarbeidd kort for æresmedlemmer, gruppeleiarar og sponsorar, noko som både gjev betre kontroll og ein meir profesjonell profil på arrangementa.



Kampplakatar og garderobelappar

Det er utvikla ein fast mal for kampplakatar, som no vert brukt både i sosiale medium og i oppsett knytt til arrangement. I tillegg er det laga faste malar for garderobelappar, som vert nytta i rammer på dedikerte garderobar under alle handballarrangement. Dette gjev eit meir ryddig og profesjonelt preg på gjennomføringa av kampane på Vikahaugane. Me nyttar og infoskjermen ved kiosken til å informera om vekas kampar.

Nytt sekretariat

Eit nytt, mobilt sekretariatsbord er bygd og teke i bruk på alle arrangement i Nyehallen. Sekretariatet har no god plass til både sekretariatsansvarleg, live-føring og speaker. Dette har gjeve ei meir effektiv og oversiktleg gjennomføring av kampane.



Teljing av tilskodarar

For å få betre innsikt i utviklinga rundt publikumstal har klubben utvikla ei eiga nettside for digital teljing av tilskodarar på seniorkampar. Løysinga gjer det mogleg å henta ut rapportar, og føra talet direkte i live-føringa, samt analysa utviklinga over tid i arbeidet med å nå målet om aukande publikumstal.



Kåring av banens beste (BB)

På alle seniorkampar vert det gjennomført kåring av banens beste spelar for både heime- og bortelag. Spelarane får utdelt premie etter kampen, i samband med oppstilling. Dette har vorte eit positivt og godt motteke innslag som gjev ekstra merksemd til gode prestasjonar.

Speaker-tenesta

Runar Øvrebø held fram som klubbens faste og svært populære speaker. Han stiller lojalt opp både på seniorkampar og større arrangement som Bring og HAFO, og bidreg til topp stemning i hallen. Runar si stemme, entusiasme og profesjonalitet er ein viktig del av publikumsopplevinga.



Nye reklameskilt

Me har i år fått produsert ni nye, store og svarte reklameskilt for sponsorar. Desse vert sett opp til kvar seniorkamp og er godt synlege både frå tribunen og på TV-sendingane via MyGame. Skilta er eit viktig steg i vidare profesjonalisering av kamparrangementa og gjev sponsorane god eksponering.

2025 har vore eit år prega av både vidareutvikling og nybrottsarbeid på arrangementssida i Stord Handball. Me har løfta kvaliteten på kamparrangementa våre, styrka publikumsopplevinga og lagt grunnlaget for endå betre gjennomføring framover. Arbeidet held fram med høg intensitet, og målet er som alltid å skapa dei beste moglege rammer for spelarar, publikum og samarbeidspartnarar.

Barnehandball

Våren 2025 hadde me sju jentelag og ni gutelag i minihandballserien for born mellom 6 og 8 år. Hausten 2025 var det åtte jentelag og fem gutelag, som er på det jamne med jentelag og nokre færre gutelag enn dei siste åra. Laga i denne aldersklassen spelar kampar på tvers av ein vanleg handballbane (20 x 12 meter). På bana er det fire spelarar inkludert flygekeeper. Ein nyttar her mjuke ballar og små mål.

Spelarane i aldersgruppa 9 og 10 år spelar kortbanehandball. Dei spelar på banar som måler om lag 30 x 20 meter. Kortbanehandball skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Det er fem spelarar på bana inkludert flygekeeper. Det vert her spela med vanlege ballar og vanlege mål (med nedsenka tverrliggjar). Me hadde våren 2025 ti jentelag og seks gutelag påmeld, medan det på hausten var elleve jentelag og åtte gutelag. Dette er tre fleire lag enn førre haust, og ei auke på åtte lag sidan hausten 2023.

I barnehandballen (born i alderen 11 og 12 år) hadde me våren 2025 tre jentelag og fem gutelag i sving. For hausten 2025 var tala seks jentelag og fire gutelag. Her vert det spela på full bane med seks utespelarar og fast målvakt. I 11-årsklassen spelar dei med nedsenka tverrliggjar, medan dei i 12-årsklassen spelar med vanlege mål. For denne aldersgruppa vert det spela med resultatavle, men det vert ikkje ført tabell.

Ungdomshandball

I sesongen 2025/2026 har me diverre ingen J13-lag, men me har to J14-lag, to J15-lag og eitt J16-lag i Regionsserien. I tillegg har me for tredje året på rad eitt juniorlag i J17/20-serien. Region Vest endra klassane på gutesida føre sesongen 2024/2025 til å ha doble årsklassar (G14 og G16). I sesongen 2025/2026 me hatt fire G14-lag og eitt G16-lag. Me hadde dessverre ikkje nok ungdommar til å stille juniorlag i G17/20-serien. Det er gledeleg at auken med ungdomslag held fram!

Det er og gledeleg at klubben har hatt lag som prøvde å kvalifisere seg til nasjonale seriar både på jente- og gutesida. J16 klarte målet om å kvalifisere seg til Bringserien etter andre kvalifiseringsrunde. Den siste helga i november hadde laget heimerunde og fekk spele føre eit entusiastisk heimepublikum.

G16-laget til Stord spela fine kampar i kvalifiseringsrundane sine, men lukkast ikkje å kvalifisere seg til Bringserien. Til tross for at laget ikkje kvalifiserte seg, har dei hatt god utvikling og fått nyttig erfaring som dei tek med seg vidare.

Seniorhandball

Våren 2025 avslutta damelaget på 10. plass i 3. divisjon. Laget vart leia av Mathias Meløy, med Marita Nysæther som lagleiar for laget. Damelaget bestod sesongen 2024-2025 av ei fin blanding av fleire rutinerne Stordspelarar og yngre jenter i vidaregåande alder.

Herrelaget avslutta sesongen med å vinna dei ti siste kampene. Laget spela dessverre fleire dårlege kampar hausten 2024 som gjorde at draumen om opprykk glapp. Herrelaget enda til slutt enda på ein 3. plass i 3. divisjon. Laget vart leia av Ingemar Olsson og Tor Christian Sæbø, med Ellen Salomonsen som lagleiar. Det er kjekt at klubben for andre år på rad melder seg på i kampen om å rykkje opp til 2. divisjon og at me ser at fleire unge gutar står fram og tek større roller i laget.

Tilrettelagt handball

Klubben har jobba aktivt gjennom heile 2025 for å rekruttere fleire spelarar til det etablerte laget Stord United. Me er stolte over å ha lukkast god med rekrutteringa, både gjennom eit positivt samarbeid med Stjernelaget til Solide der spelarar sam anten berre spela fotball eller handball no spelar begge delar. I tillegg til auka rekruttering til det etablerte tilbodet i klubben, la klubben hausten 2025 til rette for eit tilrettelagt handballtilbod for barn og unge. Tilbodet er for barn i barne- og ungdomsskulealder.



I 2025 deltok laget på fem kampdagar i regionen, ein av desse på heimebane med stort publikum! I tillegg deltok laget på Åkra Cup, Hjerteliga-avslutninga, Rema 1000 Handballfestivalen og ikkje minst Landsturneringen som dette året var i Bergen.

Stord United reiste til Landsturneringen saman med «Solidstjernene», kor fleire av spelarane deltok både på handball og fotball. På desse arenaene viser Stord United seg som eit lag med godt samhald som er opptatte av Fair Play.

Det viktigaste av alt er at spelarane lærer kvarandre å kjenna og at dei har det kjekt ilag. Laget har fokus på å gle seg over motstandarane sine prestasjonar, samt å utvikla seg sjølv sportsleg og som menneske.

Gjennom året har dei hatt fleire sosiale samlingar. Då samlast laget med vener, personale og familie som finn på noko kjekt i saman, noko som har vore stor suksess kvar gong.



«Saman om spelaren»

Stord Handball har valt å delta i prosjektet Saman om spelarane som er i regi av Norges Fotballforbund Hordaland, Norges Handballforbund region Vest og representantar i frå ei «Gutehandballgruppe» i regionen.



Prosjektet handlar om å finna gode måtar å samarbeide mellom fotball- og handballklubbar for at utøvarane kan driva med fleire idrettar lenger. Stord Handball er representert både i prosjektgruppa og som klubb saman med Stord Fotball og Trott. Det vert spanande å følgja dette arbeidet vidare.

«Stordløftet»

Etter ein positiv start for morgontreningane i Stordløftet hausten 2024 der om lag 40 ungdommar trena etter prøveperioden, var det 32 ungdommar som trena jamt gjennom vinteren og våren 2025. Om lag 40% av ungdomane spelar handball. Morgontreningane vart gjennomført i Nordbygdohallen og på Vikahaugane. Øktene har vore leia av dei dyktige trenarane Ian Seistrup og Jørund Løken. Hausten 2025 starta det opp 54 ungdommar på morgonøktene. 67 % av ungdommane spelar handball. Øktene har vore leia på ein god måte av Jørund Løken og Sturla Aakre.



Bakgrunnen for Stordløftet er eit ønske om at det lokale tilbodet skal vera så godt at ungdommane ikkje treng å reisa frå øya før vidaregåande alder for å utvikla seg godt i idretten sin. Ein vurderte at ein må leggja til rette for eit endå betre sportsleg tilbod til ungdommane som driv organisert idrett på Stord. Det fyrste tiltaket var morgontreningar på tvers av kjønn og idrettar og som har eit innhald som er nyttig for å prestera betre i idretten til den einskilde. Ungdommane skal få større forståing av eigen kropp og fysisk trening, og saman byggja ein endå betre treningskultur på Stord. I tillegg til dette vil ungdommane kunna byggja og styrkja relasjonane med jamaldrande som driv ulike idrettar.

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Spelarutvikling

Me har og dette året hatt mange spelarar inne i ulike regionale spelarutviklingstiltak.

Bylag

Hummel Bylagsturneringa vart spelt i Stavanger i april. Dette er ei turnering kor regionen stiller med to jentelag og to gutelag som møter ti lag frå dei andre regionane i landet.



På jentesida vart Aina Bekkenes Gniste teken ut til å representere Region Vest. Ho spela på lag «Florø» som enda på ein 10. plass. På gutesida spelte Sebastian Furuhovde og Sebastian Olsen på høvesvis «Florø» og «Bergen», som igjen enda på høvesvis 9. og 12. plass.

Bylagssamlingar (NM 2025 for 2009)

Jenter: Aina Bekkenes Gniste (2009), Emma Natalie Vassnes Hahtokari, Hannah Eriksen Raunholm, Isabella Dimaya Jakobsen, Martha Tyse Stokken, Mie Søgaard, Nora Skorpen Wilhelmsen og Thea Auestad-Severinsen (2010)

Gutar: Peder Lindeflaten, Sebastian Furuhovde og Sebastian Olsen (2009), Jonathan Sakseid-Angeltveit, Leander Stølen Hillestad og Vetle Matre Hagenes (2010)

Regionale Landslagsmiljø (RLM) – jenter

LK06: Seline Molde Ottesen

LK08: Aina Bekkenes Gniste og Othilie Moen Hakestad

LK10: Mie Søgaard, Nora Skorpen Wilhelmsen og Thea Auestad-Severinsen

Regionale Landslagsmiljø (RLM) – gutar

LM06: Eirik Størkson Berg, Jørgen Lothe Dahl, Kristoffer Aadland Djuve, Morgan Hovland-Gay og Søren Emil Grov Nøkling

LM08: Amund Bruun-Nygård, Sebastian Furuhovde, Sebastian Olsen og William Nygård Ormseth

LM10: Leander Stølen Hillestad og Vetle Matre Hagenes

Storsamling (Kartlegging) - jenter

2010: Hannah Eriksen Raunholm, Isabella Dimaya Jakobsen, Mie Søgaard, Norah Clausen Tverborgvik og Thea Auestad-Severinsen

Regionale Landslagsmiljø - Beachhandball - gutar

LM08: William Nygård Ormseth

I tillegg til desse har me hatt ei rekkje jenter og gutar frå årskulla 2010, 2011 og 2012 som har vore på sonesamlingar gjennom året.

Trenarløftet

Etter å ha starta trenarløftet i juni 2024, har klubben halde fram med å løfta kompetansen til trenarane i klubben. I 2025 vart fleire ungdommar ferdige med Trenar 1 utdanninga. Totalt har me hatt heile 36 personar som har teke éin eller fleire modular av Trenar 1 utdanninga. 14 av desse personane vart ferdig med Trenar 1 utdanninga i 2025.



I tillegg til desse vart sju personar ferdig med Trenar 2 utdanninga og éin trenar held på med Trenar 3. Klubben har saman med NHF Region Vest lagt til rette for både Trenar 1 og Trenar 2 utdanninga på Stord. Trenarane er ei fin blanding av ungdommar og vaksne som trenar born, unge og vaksne i klubben. Utover trenarutdanninga har klubben også lagt til rette for trenarsamlingar for trenarane våre.

Dommarutvikling

Dommararbeid er alltid i fokus, og målet er at me skal ha Dommar 1- og Barnehandball-kurs kvar sesong. Før Rema 1000 Handballfestivalen fekk me utdanna sju nye Dommar 1-dommarar. Dei tok då steget frå å dømme i barneklassen, til å dømme i 13- og 14-årsklassen. Fleire av dei fekk nye utfordringar under festivalen i juni, og eit par utmerka seg og fekk dømme ein B-finale. I oktober vart 16 nye barnedommarar ferdig utdanna. Det er kjekt at så mange unge handballspelarar og vil bidra med dømning for klubben.

Me er glade for at me framleis har med oss Preben Træen Andersen, Thor Gunnar Bakke og Bjørn Lindgård som dømmer aktivt på seniornivå i regionen. Nokre av dei dømmer også aktivt på nasjonalt nivå. Me er og glade for at Bjørn Lindgård og Thor Gunnar Bakke ikkje berre dømmer med dei yngre dommarane, men og stiller opp og fungerer som observatørar. Me treng fleire unge dommarar på Stord som dømmer i 14-17 årsklassen, og då er det viktig å følgja opp alle i startfasen.

Alexander Heggø og Henrik Bye-Pedersen dømmer fast i nasjonal serie, 2. divisjon, 1. divisjon kvinner og Landsserien. Målet for neste sesong er å dømme i Eliteserien.

Handballskule

Stord Handball har i mange år vore heldige og fått arrangera Rema 1000 Handballskule i vinter- og haustferiane.



I vinterferien hadde me rekordstor deltaking med 127 born, og det var dessverre born som ikkje fekk delta på grunn av kapasitet. Ungane hadde det kjekt med ball i tre dagar i lag med dyktige ungdomstrenarar og sentrale vaksenressursar. I haustferien var det 108 born som deltok. Også her var pågangen så stor at det vart oppretta ventelister og born som ikkje fekk delteke.

Me er stolte av å arrangera handballskular med god kvalitet som gjer at born i barneskulealder vil kome tilbake gong etter gong. Me er glade for at Rema 1000 saman med NHF held fram og gjev oss moglegheit til å tilby born på Stord ein flott handballskule i skuleferiane.

Turneringar

I 2025 har Stord-laga som vanleg vore aktive på turneringsfronten. Juniorgutane og J16 nytta påskeferien til å spela Rødspætte Cup i Danmark. J15 og G16 tok turen til Fjord Cup i Sandefjord, der dei og fekk spelt beach-turnering i tillegg til den «vanlege» turneringa. J14 og G14 fekk seg eit skikkeleg hausteventyr, då dei spela Lajkonik Cup i Polen.

Elles har laga våre delteke på desse turneringane:

Kongeparken Cup (Stavanger): J11

Dyreparken Cup (Kristiansand): G11, G12, G13 og G14

Åkra Cup (Åkra): J9, J10, G9, G12 og G13

HAFO

Fredag 17. oktober arrangerte Stord Handball HAFO-cup for ungdomsskulane, og heile 27 lag var påmeldt denne kvelden. Alle dei tre ungdomsskulane Stord, Nordbygdo og Nysæter var representerte med lag i turneringa. Mangel på hallflate gjorde at me måtte gjera ulike justeringar for å klara å gjennomføra arrangementet. Til tross for mindre speletid per lag og spel til over midnatt, opplevde me at ungdommane hadde ein kjekk kveld med venene sine.

VINNERE HAFO 2025



VINNER 8. TRINN
NOR 8 GR. 3+4



VINNER 9. TRINN
SUS 9 D



VINNER 10. TRINN
NOR 10 GR. 1+2

HAFO-turneringane handlar ikkje berre om å vinna. Det aller viktigaste er at ein kan samla klassen sin til å gjera noko kjekt i lag, som er med på å styrka relasjonane og samhaldet i klassen. Derfor kårar me ikkje berre vinnarar på dei tre trinna, men også beste heilagjeng, beste utkledning og ikkje minst så deler me ut Fair Play-prisen til den klassen som utmerkar seg med særdeles god sportsånd.

PREMIERING HAFO 2025



BESTE HEIA-GJENG
NYS 10 C



BESTE KOSTYME
NOR 8 GR.1+2



FAIR PLAY-PRISEN
SUS 10 E

Det vart ein kjempefin kveld med mange flotte ungdommar i hallane våre!

Då me denne hausten berre har hatt to hallar tilgjengeleg på Vikahaugane, og har hatt fullt opp med andre aktivitetar, fann me diverre ikkje plass til barneskule-HAFO i kalenderen. Me kjem sterkare tilbake neste år!

Rema 1000 Handballfestivalen

Handballgruppa sitt høgdepunkt vart også i 2025 Rema 1000 Handballfestivalen. Etter ei venta lågare deltaking i 2024 grunna 17. mai, var arrangementskomiteen spente på om laga kom tilbake til vanleg omfang i 2025. Det gjorde dei heldigvis. Me enda opp med at over 3.600 deltakarar fordelt på 410 lag skapte idrettsglede og minner både på og utanfor banane. Tilbakemeldingane i frå laga som deltok er veldig gode. Dei trekkjer fram kor positivt det er at turneringa er kompakt, at det er mange kjekke aktivitetar som skjer utanom kampene og organiseringa av turneringa.



På ny viste dugnadsånda i handballgruppa og elles på Stord seg frå sitt beste. Me er stolte av å arrangera ein idrettsfest på Stord for fleire tusen lokale og tilreisande born, unge og vaksne. Foreldre og andre familiemedlem i klubben stiller opp og gjer ein strålende jobb for å skapa ei best mogeleg turnering. Det same gjer fleire andre lag og organisasjonar i Stord kommune.

Festivalen er ikkje berre viktig for handballgruppa, men også for andre frivillige som klubben leiger inn til å gjera ein jobb under turneringa. Over 350.000 dugnadskroner vart generert ut til dei aktuelle gruppene som igjen er viktig for økonomien deira. Me er takksame for hjelpa som badevakter, vakthald på skular og parkering, og glade for at festivalen vår kan gje grobott for aktivitet i andre frivillige organisasjonar.

Stord Handball har gode samarbeidspartnarar som også bidrar til at me kan gjennomføra turneringa med den kvaliteten me gjer. For andre året var Rema 1000 med som generalsponsor for turneringa. Me er stolte over at ein nasjonal sponsor vil vera med å vidareutvikla turneringa.

Rema 1000 Handballfestivalen er svært viktig for Stord Handball. Ikkje berre av økonomiske omsyn, men alt det festivalen står for; samhaldet og gleda som alle frivillige utstrålar og deler med fornøgde born, unge og vaksne. Tusen takk til alle som bidreg før, under og etter Rema 1000 Handballfestivalen.



Laga våre (2024/2025-sesongen)



3. divisjon damer



Junior damer



J2009/10



J2010



J2011



J2012



J2013



J2014



J2015 Vikahaugane



J2015 Nordbygdo



J2016 Vikahaugane



J2016 Nordbygdo



J2017 Vikahaugane



J2017 Nordbygdo



J2018 Vikahaugane



J2018 Nordbygdo



Stord United



3. divisjon herrer



Junior herrer



G2009/10



G2011



G2012



G2013



G2014



G2015



G2016



G2017



G2018 Vikahaugane



G2018 Nordbygdo

Vegen vidare

Me går spanande tider i møte i Stord Handball. Det er svært god driv i handballgruppa, og me veks både i medlemstal og ikkje minst i sportsleg og organisatorisk kvalitet. Me jobbar vidare mot å styrkja oss sportsleg, og ser med glede at me for første gong på elleve år fekk med eit jentelag i den nasjonale Bringserien. Dette er eit teikn på at me er på rett veg, og me håpar at dette skal verta ein regel og ikkje eit unntak i åra framover.

Samstundes som me jobbar knallhardt for å nå nye sportslege milepælar, så har me eit sterkt fokus på å «byggja klubb». Dette inneber mellom anna at me forsterkar og vidareutviklar ein klubbkultur som me kan vera stolte av – og som alle har lyst til å vera ein del av. Me skal fortsetja å bidra til at Vikahaugane skal vera ein trygg plass for born og unge, og det skal vera den føretrekte plassen å bruka fritida. Me tek ikkje lett på samfunnsoppgåva vår, og i så måte er Vikahaugane den viktigaste brikkja i puslespelet.

Dermed vert og arbeidet med å jobba fram ein ny dobbelhall, som skal erstatta dagens Rackethall, ei av dei aller viktigaste prioriteringane våre framover. For at me skal kunna halda fram med å veksa både i tal og i kvalitet så er me avhengige av halltid. Me er og avhengige av å ha tilgang på gode anlegg med dei rette fasilitetane som gjer at born og unge ønskjer å bruke tida si her. Både før, under og etter treningsøkta. Me vil ha trygge born i gode rammer saman med trygge og gode vaksne. Dette skapar gode utviklingsvilkår for handballspelarane våre – men minst like viktig; det bidreg til å skapa gode menneske som for ein god start i livet.



Vilje. Samhald. Respekt.

Styret i Stord Handball – Stord, 11. mars 2026



Aksel Sæther



Ellen Salomonsen



Franny Maria Bøthner



Gunnhild Lothe



Stein Aaserud



Njål Hamre Olsen

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



ÅRSMELDING 2025

FRIIDRETTSGRUPPA SIL

STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2025 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetleflåt
Styremedlem	Mats Tønning
Styremedlem	Harald Kårbø
Styremedlem	Irene Simonsen
Styremedlem	Maj R. Engevik
Styremedlem	Tom Erling Kårbø
Ungdomsrepresentant	Ask Eldøy Rosland
Dagleg leiar (20%)	Joar Hystad

Det har i 2025 vore halde 8 styremøter.

MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde per 31.12.2025 totalt: 127 medlemmer (2024=118) fordelt på:

	<u><12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>> 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	18	6	11	35
Menn	<u>43</u>	<u>3</u>	<u>46</u>	<u>92</u>
SUM	61	9	57	127

Medlemstalet for friidrettsgruppa har auka i 2025 og er på 127 medlemmer, medan det i 2024 var 118 medlemmar. Det er i gruppene under 12 år og over 17 år me har fått ein auke medan det er likt i gruppa 13-16 år. Oppgåva vår for 2026 må vera å få fleire av dei i den yngste grupa til å halda på lengre med friidrett slik at dei går opp i ungdomsgruppa. Samstundes treng me påfyll av nye medlemmer og det må skje med marknadsføring av arrangementa våre. Ved å fortsette det arbeidet som har gått føre seg dei 2 siste åra med Parkløpet og barneløpa i samband med dei store mosjonsarrangementa så får fleire eit forhold til friidrett. På den måten har me fleire sjansar til å nå nye potensielle barn, ungdomar og vaksne.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspirantar, 2 hoppaspirantar, 1 kretsstartaraspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2025. Friidrettsgruppa slit framleis med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane våre gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande.

.

SEKTOR ØKONOMI

Året 2025 har gitt eit resultat på vel 34000,- kroner, før revisjon er fullført. Vårt klart største arrangement er Sunnhordland løpsfest medan Flyplassmila og Stordleikane er og arrangement som gir gode bidrag på inntektssida. Me har òg mange sponsorar som bidrar godt økonomisk slik at gruppa har ein sunn økonomi. Driftsutgiftene for 2025 har vore på 1085731,-.

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

SEKTOR ARRANGEMENT

I 2025 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	01.02.2025
Parkløpet	29.03.2025
Sunnhordland løpsfest	03.05.2025
Tinestafetten	06.05.2025
Stordleikane	09.-10.08.2025
Stordløpet	07.09.2025
Flyplassmila	20.09.2025
Julejoggen	24.12.2025
Romjulsstemne	28.12.2025

I tillegg har me arrangert tre hoppstemner innandørs og fire seriestemner utandørs.

Sunnhordland løpsfest var hovudarrangementet vårt i sesongen 2025. I 2025 var det 589 fullførande deltakarar på dei 3 distansane 5km, 10km og halvmaraton, noko som var ein liten auke samanlikna med året 2024, i tillegg så har me barneløpet med over 400 barn. Suksessen med «superløpet» heldt òg fram og det var ein aukande deltaking i denne klassen også. Totalt nær 1000 deltakar, noko som gjorde arrangementet til ein stor suksess.



Sunnhordland løpsfest 2025. Foto: Thomas André Hjelmen

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Stordleikane gjekk også i 2025 over to dagar, og deltakartalet var på 192 påmeldte deltakar frå Hordaland og Rogaland og det er ein auke på 40 deltakarar i forhold til året 2024. Dermed har me snudd ein nedadgåande kurve og håper at dette vil gje ein auke i deltakartalet i åra framover. Arrangementet som gjekk andre helga i august vart ein sportsleg suksess.

Stordløpet gjekk av stabelen for 48.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. På dette arrangementet har me at folk melder seg på heilt opp mot løpsdato og dermed er det ei uvisse i kor mange som vil stilla opp her. Dette året fekk me ein fin auka i deltakinga. Me vidareførte friidrettens dag for barn, kor ein deltek på 60m, lengde og liten ball og her var deltakinga stor i eit fint haustvær.



Stordløpet 2025. I 2027 er det 50-årsjubileum. Begge foto: Joar Hystad

Flyplassmila vart arrangert laurdag 20.september og vêret denne gongen var ein litt sjenerande vind med solskin og fin løpstemperatur. Det er alltid spennande å sjå kva vêr me får på dette arrangementet og spesielt vindstyrken, fordi det har så stor påverknad på sjølve resultata for løparane. Det var 245 fullførande deltakarar som sprang enten 5 eller 10 km, noko som var ein fin auka på 15 løparar i forhold til 2024, i tillegg så hadde me innlagt barneløp med nær 75 løparar.



Barneløpet på Flyplassmila 2025. Foto: Thomas André Hjelmen



Flyplassmila 2025. Foto: Thomas André Hjelmen

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Eit par veker før julafta blir det arrangert Nisseløp rundt Andedammen for dei yngste medlemmene. Eit veldig kjekt og sosialt arrangement, og takk til trenarane våre og spesielt Irene Simonsen og Elisabeth Sæle som held i dette arrangementet.

På sjølvaste julafta var det tradisjonen tru duka vår Industrijulejoggen langs Ådlandsvatnet med start og mål under Møllebrua. I 2025 ble det sett deltakarrekord for fjerde året på rad med 253 deltakarar. Utviklinga har vore slik: 46–74–136–253. Dette er ein tradisjon som me håpar vil halde fram i mange år framover. Arrangementet er gratis, ein treng ikkje melde seg på på førehand og deltakarane for kakemenn, julesnop, kaffi og julebrus.



Industrijulejoggen 2025 var ein braksuksess. Foto: Joar Hystad



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjonar å sjå tilbake på i 2025 og her er dei beste resultatane som utøvarar har oppnådd i løpet av 2025:

- NM senior innadørs Bærum 21.-23.2
Erlend Hatlem Kringeland 1500m nr. 8 3,48,88
- Jr-NM Fana 15.-17.8:
Mathilde Alfarnes Amundsen spyd nr.1 38,83m
- Nordisk junior landskamp Uppsala (SWE) 26.-27.7
Mathilde Alfarnes Amundsen spyd nr.7 39,00m
- UM 15-19 5.-7.9
Simon Farstad Skåla (15) 1500m hinder nr.1 4,46,39
Alf Kristian Tjensvoll Hollund (17) 100m nr. 5 11,23s

Senior/Junior

I innadørs NM, Bærum 21.-23.2 2025 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande plasseringar:

Erlend Hatlem Kringeland (22)	800m	nr. 7	1,56,45
	1500m	nr. 8	3,48,88
Steffen Tjensvoll Hollund (19)	60m	nr. 4 -h4	7,19
	Lengde utan tilløp	nr.11	2,82m (MU20)

I senior-NM på Ravnanger stadion på Askøy 1.-3.8.2025 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Erlend Hatlem Kringeland (22)	1500m	nr. 4-h3	3,53,49
	1500m	nr. 14- finale	3,58,32
Lars Lunde (28)	5000m	nr. 29	15,00,37
	10000m	nr. 19	31,31,95
Steffen Tjensvoll Hollund (19)	100m	nr. 4 – h3	11,00 (+2,4)
	200m	nr. 7- h1	22,69
Alf Kristian Tjensvoll Hollund (17)	100m	nr. 7 – h6	11,33
	200m	nr. 7 – h6	22,67 (+3,4)

I junior-NM på Fana stadion 15.-17.8 2025 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

MJ-19	Steffen Tjensvoll Hollund (19)	100m	nr. 1-h4	11,12
		100m	nr. 3-sf1	11,15
		200m	nr. 3-h8	22,88
		200m	nr. 4-sf3	22,72
	Alf Kristian Tjensvoll Hollund (17)	100m	nr. 2-h2	11,33
		100m	nr. 5-sf1	11,28
		200m	nr. 4-h3	23,13
KJ-19	Mathilde Alfarnes Amundsen (19)	Spyd	nr. 1	38,83m

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



I junior nordisk landskamp U20 i Uppsala, Sverige 26.-27.7 2025 representerte Mathilde Alfarnes Amundsen Noreg og ho oppnådde følgjande resultat:

Mathilde Alfarnes Amundsen (19)	Spyd	nr. 7	39,00
---------------------------------	------	-------	-------

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 51 i 3.divisjon med poengsummen 9138(20 res) (2024= 9686 poeng 44.plass (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 4 i 2.divisjon, med poengsummen 17506(25 res) og rykker opp i 1.divisjon i 2026 (2024 = 17589 poeng 6.plass i 2.divisjon).

Tom Erling Kårbø sprang halvmaraton i København i september på tida 1.05.43.

Veteraner:

På veteran NM mangekamp innandørs 18.1.2025 i Bærum oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Per Gregersen (70) (55-59)	5-kamp	Nr.1	2449 poeng (11,04-4,05-8,46-1,43-4,20,81)
----------------------------	--------	------	--

I nordisk meisterskap innandørs i Hvam arena 14.-16.2.2025 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Per Gregersen (70) (55-59)	Stav	nr. 2	2,90m
	Høgde	nr. 2	1,50m

Veteran NM i Kristiansand 27.-29.6 2025 oppnådde Stord IL sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Per Gregersen (70) (55-59)	Stav	Nr.1	3,15m
	Høgde	Nr.1	1,50m
	Vektkast	Nr.5	11,05m

I landsserien vart herrelaget nr. 13 i 1.divisjon med 10487 poeng på 17 resultat (2024 = 11965 poeng (19 res)). Kvinnelaget vart nr 6 i 3.divisjon med poengsummen 1778 poeng med 3 resultat (2024: 5197 poeng (9 res)).

Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM på Øverlands Minde stadion i Stjørdal 5.-7.9 2025 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Steffen Tjensvoll Hollund (19)	100m	nr. 3 - h1	11,43
	100m	nr. 5 – SF1	11,42
	200m	nr. 2 – h2	22,88
	200m	nr. 5 – SF1	22,72

Alf Kristian Tjensvoll Hollund (17)	100m	nr. 4 – h1	11,56
-------------------------------------	------	------------	-------



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

	100m	nr. 5 - finale	11,23
	200m	nr. 2 – h2	22,88
	200m	nr. 5 - finale	22,92
Simon Farstad Skåla (15)	1500m hnder	nr. 1	4,46,39
	800m	nr. 6	2,06,39
	2000m	nr. 6	6,08,42

Kretsserien:

Guttelaget endte på 4.plass i elitedivisjon med poengsummen 50011 poeng på 60 resultat (2024: 36451 poeng (48 resultat, 1 divisjon)).

Jentelaget endte på 3.plass i 1.divisjon med poengsummen 25136 poeng (39 resultat) (2024: 25509 poeng (37 resultat)).

Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år	Elisabeth Sæle, Margareth Urheim Gram, Nils Hetleflåt.
Gutar/jenter (10-12 år)	Irene Simonsen, Elisabeth Sæle,
Gutar/jenter (13-17 år)	Nils Hetleflåt
Gutar/jenter (> 17 år)	Åge Bjelland, Nils Hetleflåt

Utmerkingar

«Beste gut»	Alf Kristian Tjensvoll Hollund
«Mest allsidige gut»	Jakob Sætre Myklebust
«Beste jente»	Mathilde Alfarnes Amundsen
«Mest allsidige jente»	Otilie Eilertsen Aaserud

Gullmerket (over 1000 tyrvingpoeng) vart utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat: Steffen Tjensvoll Hollund (19) for 11,11 på 100m, Alf Kristian Tjensvoll Hollund (17) for 11,23 på 100m, Simen Farstad Skåla (15) for 4,46,39 på 1500m hinder og Lukas Sinethemba Strand (10) for 1,27 i høgde.

Lagsrekord:

Det vart ikkje sett nokre lagsrekordar denne sesongen.

Samandrag

I løpet av 2025 har mange nye medlemmar funne vegen til Stord Friidrett. Vi opplever vi er i medvind rundt om på våre arrangement og treningar.

Særleg blant dei yngste har oppgangen vore høg.

Eit klart teikn på dette såg vi på sesongavslutninga på Bakeriet Frugård. Over 50 ungdommar og 20 foreldre sette eit verdig punktum for ein flott sesong både i trening og deltaking i våre arrangement.

Det gir oss håp for framtida. No gjeld det å ta vare på og følgje opp og skape gode fellesopplevingar for 2026. Vi må ha fokus på ta vare på og rekruttere nye trenarar. Her har vi ein god grunnmur med Nils Hetleflåt, Åge Bjelland, Irene Simonsen og Elisabeth Sæle. Men for å ikkje slite ut våre trufaste trenarar, treng vi nye som kan steppe inn og utvikle klubben vidare. Vi må sette opp kurs og gjere det attraktivt i å vere trenar i Stord Friidrett.

Positivt er det og å sjå nye foreldre som tek på seg viktige funksjonær oppgåver på våre stemner både i hall og ute.

Her handlar det å dra nytte av våre rutinerte folk som Odd Stuve Rommetveit, Oddvar Hårde, Per Gregersen, Vebjørn Lien, Åge Bjelland og mange andre som kan dele av sin kompetanse/røynsle i kast, hopp og løpsøvingar. Då må vi satse på dommarkurs og kompetanseheving i den store og flotte foreldregruppa vår.

I seniorgruppa vår er vi inne i eit generasjonsskifte. Tom Erling Kårbø, Pernilla Epland og Lars Lunde er stadig aktive. Tom Erling har bytta ut bane med gate og lengre løp. 1.05.43 på halvmaraton i København viser at «hinderkongen» framleis har eit høgt O2 opptak og fart i beina.

Pernilla har slitt med skader, men håpar på ny opptur i 2026.

Uansett, det handlar om å løfte fleire opp frå ungdom/junior til å kjempe om medaljar i norske seniormeisterskap.

Vi håper å dra nytte av toppidrettskulturen frå brødrene Kårbø og Pernilla Epland

Men vi har nokre klare kandidatar som Mathilde Alfarnes Amundsen i spyd. Har fine plasseringar i ungdomsmeisterskap i 2025. Mellomdistanseløparen Erlend Hatlem Kringeland (22) trenar og mykje og deltar i NM. Sprintarane Steffen og Alf Kristian Tjensvoll Hollund sprenger stadig nye grenser under kyndig leiding av Åge Bjelland.

Symjaren Simon Farstad Skåla (15) kom frå bassengkanten og har blitt ein ny «gullgut» for Stord Friidrett, vann gull på 1500 meter hinder i UM. Vi venter spent på kva Simon kan få til i 2026.

Våre arrangement er stadig i vekst. Året 2025 blei avslutta med ny rekord på Julejoggen med 253 deltakar. Året starta med Parkløpet som samla opp mot 250 unge løparar som sprinta rundt Andadammen. Løpfesten blei på ny ein folkefest i sentrum med rundt 1000 løparar. Trengselen var klart størst under 5 km. Sprintløypa i sentrum er kort sagt berre «rock and roll» og må opplevast.

Stordleikene samlar og alltid mykje folk og er ein fin tradisjon for oppstart på haustsesongen.

245 løparar stilte opp på den femte Flyplassmila 25, september. Flat og fin løype lokkar mange til flyplassen for og sette nye rekordar. Vår engasjerte flyplassjef Jan Morten Myklebust opnar alltid opp portane og slepp oss til på flystripa. Vi håpar på napp i 2027 og har søkt NM i gateløp nettopp for å leggje dette til Sørstokken og Stord flyplass.

Vi kryssar fingrane for at Norges Friidrettsforbund gjer oss sjansen til å skape liv og røre på flyplassen.

Trygg og forutsigbar økonomi er ein viktig faktor. Her gjer vår energiske og positive daglege leiar, Joar Hystad ein glimrande jobb. Han er tett på våre samarbeidspartnarar følgjer opp slik at



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

alle partnar føler at dei får noko att for å støtte Stord Friidrett. Nye sponsorar har og sagt ja til å stille seg i ryggen for Stord Friidrett si vidare satsing. Det er vi svært glade for. Vi er klare til å gje noko attende gjennom å skape sosiale happeningar både på bane, terreng, gate og på flyplassar. Kort sagt aktivitet for alle generasjonar. Her kan familiar løpa side om side. Stord friidrett har framleis eit håp om rehabilitering av Stord stadion. Anlegget treng verkeleg ei opprusting. Vi heier på Stord Ishall og ny dobbelhall for handball. Men vi må ikkje gløyme å ta vare på det mest brukte anlegget Stord Stadion. Kva tid er det vår tur?

Til slutt vil eg takka styre og andre gode idrettsvenner som stiller opp for å gjere våre arrangement best mogeleg. Takk og til trenarane våre som gjer kvardagen til ein fest på trening gjennom mørke haustkveldar og når våren og sommaren setter inn for fullt. Me ser fram til eit spennande friidretts år med mottoet. Friidrett for alle gjennom heile livet, alle skal med!

Runar Øvrebø
Styreleiar Stord IL-Friidrett



ÅRSMELDING 2025

STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

STYRET 2025

Leiar:	Jon Eirik Kvalnes
Nestleiar:	Arnhild Myklebust
Kasserar:	Kjartan Grov
Medlem:	Andreas Aas
	Gina Gilje
	Malene Aasheim
	Linda Lundås Skjelbred
Ungdomsrepresentant:	Ida Synnøve Flatås Kvalnes



STORD IL turngruppa
Idretts glede heile livet

INNLEIING

Turngruppa har lagt bak seg eit år prega av stabil breiddeaktivitet, samstundes som me har arbeidd målretta med vidare utvikling av konkurranseparti i teamgym. Det er særleg gledeleg å sjå den aukande innsatsen frå foreldre som stiller opp som medtrenarar og tek del i kompetansebygging. Dette gjev eit godt fundament for vidare drift og ei berekraftig utvikling av turngruppa.

I løpet av året har Stord turn arrangert både sommaravslutning i Sponavikjo og den tradisjonsrike juleoppvisinga, som vart halden på Vikahaugane 8. desember. Begge arrangementa samla mange gymnastar, foreldre og publikum, og bidrog til å styrkja fellesskapen i laget.

Ved utgangen av 2025 hadde turngruppa i underkant av 400 aktive medlemmar i alle aldrar. Aktiviteten går føre seg både i gymsalar ved barneskulane og i turnhallen på Vikahaugane. Hallen og utstyret ber preg av høg aktivitet og mykje bruk, og mangel på areal og oppgradering av utstyr er ei aukande utfordring. Dette vil vere eit viktig satsingsområde i åra som kjem.

Turngruppa har framleis flest jenter blant medlemmane, og me ser eit generelt fråfall i ungdomsalderen, særleg i breiddepartia. Samstundes er det svært positivt at konkurransepartiet i teamgym junior tel 15 aktive utøvarar i alderen 12–16 år.

Slagordet til idrettslaget, «*Idrettsglede heile livet*», er framleis godt dekkjande for verksemda i turngruppa. Dei yngste deltakarane er rundt to år, medan dei eldste passerar 90. Turnaktivitet gjev unike moglegheiter for individuell tilpassing, og alle kan finne eit tilbod som passar for seg.



MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2025 374 registrerte medlemmer. Me har framleis om lag **250** personar på venteliste til dei ulike barneparti. Dette syner kor etterspurt tilbodet er, men også at kapasitet på halltid og trenarressursar set klare avgrensingar for kor mange me kan ta imot.

Medlemstalet er samla sett relativt stabilt, men me registrerer ein nedgang blant gutar og eit fråfall når gymnastane kjem opp i 12-årsalderen. Partia har ein maksimal kapasitet på om lag 22 gymnastar, og me tildeler plassar frå ventelistene fortløpande gjennom året, med hovudinntak i august og januar.

Medlemsoversikt Stord IL turngruppa						
Kjønn og alder	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Jenter 0 - 5	51	54	62	43	47	47
Jenter 6-12	124	134	135	169	143	131
Jenter 13-19	20	15	22	32	23	33
Jenter 20-25	5	1	0	0	0	0
Jenter 26+	54	50	46	65	53	56
Gutar 0 - 5	28	25	51	39	45	42
Gutar 6-12	38	44	34	72	68	61
Gutar 13-19	3	3	4	3	13	9
Gutar 20-25	0	0	0	0	0	0
Gutar 26+	51	49	51	46	47	47
Total	374	375	405	469	439	426

* Total tal medlemmer er utan trenarar, som også er registrerte medlemmer

Turngruppa nyttar medlemssystemet til NIF, KlubbAdmin.

TRENARSITUASJON

Ved oppstart hausten 2025 hadde me dekkja grupper med hovudtrenarar, samt me haldt fram med foreldrerepresentantar/ foreldretrenarar på gruppene. Alle parti vart i haust starta med foreldremøte og det blei oppretta Spond-grupper for å sikre god kommunikasjon mellom foreldre og trenarar. Det er og oppretta eiga Spond-gruppe for trenarane, for kommunikasjon trenarane mellom. Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekke, og dei fleste er tidlegare og aktive troppsgymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette er ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa.

Turngruppa er takksam for alle instruktørane våre, og takkar for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre og foreldre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gøymalane når treningane pågår.

Trenarane våre vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør.

I 2025 har me arrangert to trenerkurs med Odin Nielsen som instruktør. Me gjennomførte eit kurs før sumaren med 12 deltakande trenarar, og eit kurs på seinhausten med 10 deltakande trenarar. Både foreldretrenarar, ungdomstrenarar og meir erfarne trenarar deltok på kursa som hadde fokus på øvingar og teknikk, samt mottak og sikring. Fleire av gymnastane frå breidde og teamgym var med som prøvekaniner.



På «Foreldre og barn»-gruppene våre deltek foreldra i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.

Troppsgymnastane (Teamgym frå 1.januar 2026) våre har i 2025 hatt inntil fire parti. På tropp har me vaksne instruktørar som tidlegare har vore gymnastar i Stord turn. Det er svært gledeleg for turngruppa at tidlegare gymnastar kjem attende som trenarar for eigne barn når høvet er der. Kombinert med nye foreldre som engasjerer seg for idretten og borna si utvikling, har me i løpet av dei siste åra klart å etablere stabil trenarressurs for teamgym.

Dei tre mosjonspartia for vaksne har i 2025 vore styrt med stødig hand av erfarne instruktørar. Turngruppa er kjend med at trimmen vil trenge hjelp av nye trenarkrefter i åra som kjem, og vil frametter sjå etter moglege løysingar for å halda tilbodet ved like.

Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.



AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

Turngruppa arrangerte ikkje konkurransar eller stemne på Stord i 2025.

I samband med Handballfestivalen vart frittståndegolvete teke ut av hallen, og dette gav høve til grundig reingjering og rydding. Turngruppa deltek med dette på dugnad i samband med Handballfestivalen, med ned- og opprigging av utstyr i turnhallen. For denne innsatsen fekk gruppa ei godtgjersle på 40 000 kroner.

Sommaravslutninga i Sponavikjo vart også i år eit vellukka arrangement for alle parti, trenarar og foreldre.

Den årlege juleoppvisinga i desember fylte Nyehallen på Vikahaugane til randen med både gymnastar og publikum, og kioskalet under arrangementet er ei viktig inntektskjelde for turngruppa. I tillegg deltek vi årleg i hovudlaget si dugnad på Vikahaugane idrettspark.

HEIDERSTEIKN OG JUBILANTAR

Det er ikkje delt ut heidersteikn i 2025 til nokre av turngruppa sine medlemmer.

Under juleoppvisininga i desember markerte turngruppa likevel nokre av sine meritterte trenarar og styremedlemmer.

80 år som medlem i Stord IL

- Lars Mugaas
- Kristian Lunde

30 år som styremedlem

- Kjartan Grov

TRENAROVERSIKT OG TRENINGSTILBOD 2025/2026 *

Parti	Hovudtrenar / Instruktørar	Stad
Foreldre og barn 3-4 år	Håkon Gulliksen	Leirvik
Foreldre og barn 3-4 år	Rolf Kristian Almås	Langeland skule
Foreldre og barn 3-4 år	Jonas Angeltveit	Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar		Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar	Lene Femsteinsvik Stakseng	Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Malene Aasheim	Leirvik skule
Turn jenter 1. klasse	Beate Torkelsen Sander Hjertenenes og Daniel Grimsbø	Turnhallen
Turn jenter 2., 3. og 4.klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes Hannah Valvatne, Sander Hjertenenes, Daniel Grimsbø og Mia Endal	Turnhallen
Turn gitar 1.-2. klasse	Beate Torkelsen Sander Hjertenenes og Daniel Grimsbø	Turnhallen
Turn gitar 3.-4. klasse	Beate Torkelsen Sander Hjertenenes og Daniel Grimsbø	Turnhallen
Trampett/tumbling gitar/jenter 5.-10.klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes Hannah Valvatne, Sander Hjertenenes, Daniel Grimsbø og Mia Endal	Turnhallen
Vaksenparti		
Stemnedamene	Anne Kristin Eldøy, Bjørg Bj. Grov, Lindy Furunes og Bodhild Sætrevik	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås m.fl.	Vikahaugane
Konkurransparti		
Troppsturn aspirant 6-9 år	Mari Aas m fl.	Turnhallen
Troppsturn rekrutt 9-12 år	Mari Aas m fl.	Turnhallen
Troppsturn junior 13 år +	Arnhild Myklebust, Hedda Haslum Myklebust, Karoline Frederich	Turnhallen
Allidrett		
Stord IL Allidrett	Ingen tilbod i 2025/2026	Hystad skule

Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre- og barn-tilbodet er ei viktig inngangsport til turngruppa, og eit svært populært tilbod som er for dei yngste medlemmane våre. Her deltek barna saman med ein føresett, noko som skapar trygge rammer og legg til rette for meistring, leik og felles aktivitet.

Treningane har fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske ferdigheiter som balanse, koordinasjon, hopp og rulling. Gjennom enkle øvingar og bruk av turnapparat får barna høve til å utforske rørsle og utvikle kroppskontroll i sitt eige tempo. Tilbodet er òg viktig for å styrkje samspel mellom barn og vaksne, og fungerer som ein naturleg rekrutteringsarena vidare inn i barnegruppene i turngruppa.

Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.

Jenter og gutar turn 1.-4. klasse

Barnepartia i alderen 1.–4. klasse utgjer ein stor og viktig del av breiddetilbodet i turngruppa. Treningane er bygde opp rundt ei god blanding av turnleik og innlæring av grunnleggjande turnelement som rulle framover og bakover, hjul, handståande, hopp og enkel sats- og landingslære.

For jentene er pågangen stor, og det er ventelister på fleire parti. Oppmøtet er gjennomgåande godt, og fråfallet lågt. Desse gruppene er den viktigaste rekrutteringsbasen for vidare deltaking i både breidde- og konkurransetilbod i turngruppa.

Gutegruppene har òg hatt stabile og populære tilbod. Treningane legg vekt på allsidig motorisk utvikling, styrke, spenst og grunnleggjande turnteknikk. Foreldreengasjement som medhjelparar på treningane er eit viktig bidrag til kvalitet og stabilitet i tilbodet.

Jenter/ gutar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

Tilbodet i tumbling og trampett for aldersgruppa 5.–10. klasse er eit tilbod for dei eldste gymnastane der dei får fokus på meir fart, spenst og tekniske øvingar. Gruppene er kjønnsblanda, og treningane har hovudvekt på tumblingseriar, trampettøvingar og styrketrening tilpassa alder og nivå.

Dette er eit viktig tilbod for å halde på ungdommar i turngruppa, og gjev moglegheit for vidare utvikling utan naudvendigvis å delta i konkurransar. Me prøver å ha treningane tilpassa både dei som ønskjer utfordringar og dei som primært deltek for trivsel og fysisk aktivitet.

Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Desse trenar henholdsvis på Hystad skule og i gamlehallen på Vikahaugane idrettspark. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltakarar, der gruppa på Hystad tel om lag 36 deltakarar og på Vikahaugane er det 11. Stabilt oppmøte sikrar at tilbodet kan halda fram.

Partia har to treningskveldar i veka, og legg vekt på elementa styrke, balanse, stabilitet og koordinasjon. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsovingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjelettmuskulaturen.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Mosjonspartiet legg med andre ord vekt på særleg viktige element for å meistre det kvardagen har å by på.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp. Gruppene har stabil medlemsmasse, og tek gjerne imot fleire medlemmer. Her får du ei real økt, godt for både kropp og sjel.

Det sosiale er også viktig, og det legg dei stor vekt på. Dei har samlingar til jul og om våren som avslutning på året. Mosjonspartia har dei siste åra starta nytt treningsår med pizzaettermiddag med skyting på skytebanen til Stord skyttarlag som står som teknisk arrangør.

Aerobic og step

Kvar måndag og onsdag frå 19-20 møter ei stor gruppe trufaste damer på trening i den gamlehallen på Vikahaugane. To av dei fire salane er i bruk og det er heilt nødvendig med så god plass. Gruppa veks stadig og tel omlag 60 medlemmer i alderen 25-82 år. I år har instruktørane tatt i bruk scenevlak slik at alle kan sjå korleis øvingane skal utførast. Det er veldig flott med så stort spenn i gruppa og dei yngste deltakarane seier at dei let seg inspirere av dei eldre.

Treninga inneheld ein kombinasjon av styrketrening, step og kondisjon. God musikk er ein viktig del av treninga. Trenarar for denne gruppa er Eva Grov og Aslaug Grov Almås.

Sjølv om dette er ei gruppe med mange medlemmer kan turngruppa godt arbeida meir med marknadsføring av tilbodet. Det er alltid kjekt når nye medlemmer dukkar opp. Instruktørsituasjonen er stabil, men også her kan turngruppa tenkja på rekruttering i større grad.

Stemnedamene

Dette året har me hatt fokus på deltaking på Landsturnstevne på Nærbø 2 - 6 juli 2025. Me budde på Jæren Hotell, deltok i fleire treningar, og hadde to vellukka oppvisningar. Eit svært godt tilrettelagt og gjennomført turnstevne!

Det deltok turnarar frå heile landet, og vertskapet baud på nydeleg mat og festlege samkomer. Me er takksame for samarbeidet med troppen frå Laksevåg. Tone Sande lagar tabell, finn musikk og er hovedinstruktør. Me hadde fellestrening med dei før Landsturnstevnet.

Det har elles vore lite treningsaktivitet i haust. På slutten av året fekk avklart at me i fellesskap med Laksevåg skal trena inn ny tabell til Golde Age - i Les Sable - Frankrike i okt - 26.

Me er èin triveleg gjeng med gamle damer som representerer Stord Idrettslag med stolthet!

Bjørg, Anne og Lindy er trenarane våre.

Allidrett

Turngruppa starta ei allidrettgruppe for born som fyller 5 år i 2022, og har hatt eit tilbod om dette fram til og med 2024. I forkant av sesongen 2024/2025 lukkast ein ikkje med å rekruttere trenar til tilbodet, og det fekk me heller ikkje til i august 2025. Tilbodet har difor ikkje hatt drift i 2025.

Teamgym - konkurranseparti

Turngruppa la for sesongen 2024/2025 til rette for at gymnastar skulle kunne velja mellom to retningar, der teamgym er den eine og breiddeparti er den andre. Føresettinga for å kunne velja teamgym er at dei må ha minimum eitt år som aktivt medlem i breiddeparti.

Med teamgym meinast eitt parti som skal kunne delta i konkurransar, og der det var tenkt høg foreldredeltaking med meir.



Aspirant Teamgym 6 - 8 år

Aspirantgruppa til Stord turn er i alderen 6 - 8 år, og tanken er at borna der skal introduserast for troppsturn gjennom øvingar i tumbling og trampett. Tanken er at treningane skal organiserast på ein sånn måte at gymnastane får anledning til både personleg utvikling og til å bygge ei lagkjensle. Aspirantgruppa har hatt trening to gongar i veka, og sesongen 2024/2025 er det 11 gymnastar på denne gruppa. Det er tenkt at det skal sikrast god overføring til rekruttpartiet.

Rekrutt Teamgym 9 - 12 år

Rekruttpartiet skal jobbe vidare med det dei har lært i aspirant og bredde, og dei skal bli klar til å delta på stemner, samlingar og konkurransar når dei er gamle nok. For å få gjennomført dette, er det naudsynt at rekruttpartiet har foreldre som deltek som trenarar og at dei får kompetanseheving i tråd med målsettinga til troppen.


Det er ei målsetting at turngruppa skal kunne delta på kreitsmesterskap med rekrutt frå året dei fyller 12 år. Det er vidare ei målsetting at rekrutt-troppen skal kunne reise på gymfest/ barnas turnfestival kvart år, og ha anledning til å delta på andre samlinger.

Rekruttpartiet har for sesongen 2024/2025 hatt 2 treningar i veka, og dei har 21 gymnastar på gruppa.

Junior Teamgym 12+

Juniorpartiet skal også jobbe vidare med det dei har lært i tida som rekruttar. Det skal vere ei klar målsetting at juniorane deltek på dei konkurransar og stemne som ein finn naturleg. Trenarar skal ha grunnleggjande kompetanse i teamgym (tumbling, trampett og frittstående), og det er ei forutsetning at turngruppa legg til rette for kompetanseheving både hos desse, men og foreldre som ynskjer å delta som instruktørar.

Det er eitt krav at nye medlemmar har grunnleggjande ferdigheitar for å kunne delta. Juniortroppen har for sesongen 2025 hatt i snitt tre treningar i veka og har per dags dato 15 aktive gymnastar.



Konkurransetropp i teamgym

Hausten 2025 har turngruppa om lag 50 aktive teamgymgymnastar fordelt på aspirant, rekrutt og junior. I teamgym vert det konkurrert i apparata trampett, tumbling og frittstående, og det har aldri tidlegare vore så mange aktive teamgymgymnastar i turngruppa.

Trenarar for teamgympartia er Mari Aas Hillestad, Beate Torkelsen, Christian Fredheim, Nina Silden Fredheim, Linda Lundås Skjelbred, Hedda Haslum Myklebust og Arnhild Myklebust. Karoline Frederich er innleigd instruktør i frittstående for juniorane.

For konkurranseforma teamgym, har juniortroppen hatt god aktivitet og deltatt på fire kretsmeisterskap i Rogaland i løpet av 2025. I alle konkurransane har dei deltatt i tumbling, trampett og frittstående, og gymnastane har vist god framgang i 2025 og hevda seg i toppen i alle greinene.

Troppen har delteke på desse konkurransane/aktivitetane:

Konkurranse/Aktivitet	Stad	Dato
Kretskonkurranse 1- 2025	Haraldshallen Haugesund	14.-15.februar
Kretskonkurranse 2- 2025	Ålgård Turnhall Ålgård	5.-6.april
Gymfest i Vest	Bømløhallen Bremnes	23.-25.mai
Treningssamling junior/senior	Fjogstadhus Turnarena Sola	13.-14.september
Kretskonkurranse 3- 2025	Fjogstadhus Turnarena Sola	25.-26.oktober

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



I konkurransar har Stord troppsgymnastikk følgjande plasseringar i 2025:

Konkurranse/Aktivitet	Apparat	Plassering
Junior		
Kretskonkurranse 1- 2025	2.div Tumbling	1.plass
	2.div Trampett	7.plass
	2.div Frittstående	2.plass
Kretskonkurranse 2- 2025		
	2.div Tumbling	1.plass
	2.div Trampett	2. plass
	2.div Frittstående	1.plass
Kretskonkurranse 3- 2025		
	2.div Tumbling	1.plass
	2.div Trampett	3.plass
	2.div Frittstående	1.plass
Rekrutt		
Kretskonkurranse 1- 2025	1.div Tumbling	3.plass
	1.div Trampett	4.plass
	1.div Frittstående	3.plass
Kretskonkurranse 3- 2025		
	1.div Tumbling	9.plass
	1.div Trampett	7.plass

Aspirantane våre, som endo ikkje er gamle nok til å konkurrera, har deltatt på oppvisning i tumbling og trampett i fleire av konkurransane over.



ØKONOMI OG STYREARBEID

I 2025 fekk me ein nedgang i inntekter på nær 220.000 som følgje av ingen gjennomførte arrangement og tilføring av spelemidlar slik me hadde i 2024. Det gjorde at samla inntekter i turngruppa vart omlag 730.000 kroner mot 950.000 kroner året før. Turngruppa har framleis ein del på bok som gjer at renteinntekter har vore gode dette året og.

Faste utgifter har gått som vanleg, og i tillegg til lønnsutgifter er det forbundskontigent, avskrivningar, vedlikehald og forsikring som utgjer dei store kostnadane til gruppa. På kostnadssida har me hatt omlag same utgifter som tidlegare år, med unntak av større aktivitet i konkurransepartia våre og dermed auke i utgifter til stemner og konkurransar. Utgifter til instruktørlønn, vår andel til dagleg leiar i Stord IL og reiseutgifter utgjer den største auken. Dette er utgifter som turngruppa må vurdere tiltak for å sikre midlar til i åra som kjem. Aktuelle tiltak vil kunne vera betre rutinar for innbetaling av eigenandel frå utøvarane, fleire dugnadar eller auke i treningsavgifta.

Turngruppa si største utgift er knytt til lønnsutbetaling til trenarane. Turngruppa har løna trenarar for alle parti i 1.-10.klasse, der trenarane ikkje er foreldre. Dette bidreg til stabilitet blant trenarane, og er naudsynt for å vera trygg på at me har kvalitet i trening.

Turngruppa har i 2025 vore leia av eit aktivt og breidt samansett styre. Jon Eirik Kvalnes har i tillegg til å vera leiar for styret hatt stilling som administrativ leiar, og har vore kompensert for dette.

MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2025.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

Fondet har innestående 63.395 kroner.

LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2025.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

Fondet har innestående 177.316 kroner.



VALKOMITE

Valkomiteen har vore Christian Fredheim og Declan McDonnell.

Stord, dato 10.mars 2026
Stord IL, turngruppa
Styret v/leiar Jon Eirik Kvalnes



Årsmelding 2025

Skigruppa, Stord Il





Sportsleg aktivitet

Tysdagstrimmen:

Hausten 2025 var det lagt opp til dei tradisjonelle ti løpa, som alle vart gjennomført.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane.

Namn og tider er publisert på nettsidene til skigruppa.

Sesongen 2025 var den 40.sesongen med Tysdagstrim

Treningar:

Det har i sesongen 24-25 ikkje vært gjennomført regelmessige treningar for yngre løparar.

I periodar med snø har me gjennomført felles opne treningar med fokus på skiglede, med god deltaking og gode tilbakemeldingar frå publikum.

Det er tatt initiativ til å starte opp att med barne- og ungdomstrening, og me håpar å kunne tilby dette kommande sesong.

Skigruppa fekk tildelt utstyrspakke til skileik frå skiforbundet (orgeltramp og hopp), som fungerer både på snø og rulleski. Som ledd i dette vart det gjennomført opplæring i bruk. Her deltok 4 medlemmer. I samband med tildelinga forplikta me oss til gjennomføring av ski eller rulleski- sprell. Dette vart gjennomført februar 26, med over 100 unge deltakarar.

Dei tradisjonelle gåvekorta etter innskriving i postkasseboka vert frå og med 2024/25-sesongen erstatta med loddrekning blant alle som har betalt løypebidrag



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Maskin og Anlegg

Lysløypa og Heio:

Det vart gjennomført dugnad i lysløypa hausten 2025, med noko laber oppslutnad.

Elles er førefallande arbeid utført av fleire ved behov.

Utbedring av lys/ stolpar er utført i aksen mot Lundarstøl

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyning gjennom vintersesongen, særleg Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løypenettet i fjellet.

Løypemaskin:

Løypemaskinen: Samarbeidet med Stord kommune gjekk ut pr. 31.12.24. Maskinen fekk 10-års service hausten 2024, og er rapportert å vera i god stand.

Medlem og Økonomi

Stordski.no:

Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

Facebook:

Sida er eit supplement til www.stordski.no og når eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

Medlemmer:

Skigruppa har 47 medlemmer per utgangen av 2025,

Økonomi:

Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2025

Regnskap er ført av kasserar i skigruppa og er godkjent av hovudlaget sin revisor utan merknadar

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Gruppeleiing:

Etter val på årsmøte 3.3.2025

Styret:

Leiar:

Morten Lyngås Føyen	930 06 658	Valt i 2025 for 1 år
---------------------	------------	----------------------

Styremedlemmer:

Øyvind Gaute Berg (sekr)	402 49 915	Valt i 2024 for 2 år
--------------------------	------------	----------------------

Erling Tyse (alpint)	992 72 214	Valt i 2024 for 2 år
----------------------	------------	----------------------

Magnar Larsen	403 28 489	Valt i 2024 for 2 år
---------------	------------	----------------------

Odd Stuve Rommetveit (kass)	901 63 598	Valt i 2024 for 2 år
-----------------------------	------------	----------------------

Jarle Haugland	996 15 999	Valt i 2025 for 2 år
----------------	------------	----------------------

Bernt Øyvind Vad	970 59 018	Valt i 2025 for 2 år
------------------	------------	----------------------

Varamedlem:

Kjell Inge Engevik	454 93 356	Valt i 2025 for 1 år
--------------------	------------	----------------------

Valnemd:

Stian Engevik	Valt i 2025 for 1 år
---------------	----------------------

Dag K Lægreid	Valt i 2025 for 1 år
---------------	----------------------

Styret takkar alle som har gjort ein innsats for skiidretten på Stord i 2025.

Stord 24.2.2026

Morten Lyngås Føyen
Leiar

Odd Stuve Rommetveit
Kasserar

Øyvind Gaute Berg
Styremedlem/ Skrivar

Jarle Haugland
Styremedlem

Erling Tyse
Styremedlem

Bernt Øyvind Vad
Styremedlem

Magnar Larsen
Styremedlem

Kjell Ingen Engevik
Varamedlem



Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa 2025

Styret 2025

Leiar	Terje Almås
Kasserar	Stine Kjøs Horneland
Skrivar	Andrea Marie Gundersen
Styremedlem	Jannicke Stokken Salomonsen
Styremedlem	Onar Westerheim

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Styremøter:

Det vart halde 4 styremøter 2025

Andre funksjonar:

Trenarar:

John Kvarme

Starteroppgåver:

Terje Stokken har hatt startaroppgåver på krets, nasjonalt og internasjonalt nivå

Økonomigruppa

Onar Westerheim
Stine Kjøs Horneland

Takk til sponsorar:

DNB, Sparebanken Norge, SR Bank, Aker Solutions, SKL

Øvrige sponsorer på Skeisekalenderen

Medlemer:

Skeisegruppa har 55 medlemer pr 31.12.2025

Aktivitetar/arrangement :

Årsmøtet vart avvikla 04.03.2025

Gruppa arrangerte årsfesten sin i mai

Dugnader:

Vakt handballfestivalen. Dugnad ifbm. ishallen: Rydding etter trefelling, demolering av eksisterende bane og området rundt, vasking av anleggslokaler, bistå utbygger med enkle oppgåver, rydding og levering av søppel i hele anleggsperioden, diverse montering, nyinstallasjonar og vedlikehald i teknisk rom, maling, legging av røyr under isflata, isolering og armering av gulvflate, bistå betongarbeida, byggje mesanin, gangbru og trapp til indre bane, utvask av nye lokaler, samt all prosjektleiing og byggjeleiing mm. I løpet av 2025 blir det utført ca 20.000 timer dugnad i forbindelse med bygging av hallen.

Drift av skeisebanen i sesongen 2025

Bygging av ishall starta i august 2024 og har på gått hele 2025. Av den grunn har skeise sesongen i året 2025 vore utanom det vanlege da vi ikkje har hatt is på Stord.

Stord Ishall

Vidrive og Stord Idrettslag har i mange år arbeida aktivt for å realisera bygging av ein ishall gjennom innbygging av eksisterande skeisebane og hausten 2024 starta bygginga av hallen som kommer til å stå ferdig i mars 2026. Prosjektleiing og byggjeleiing blir utført på dugnad av Magne Jostein Mikkelsen, Henning Nordfonn og Terje Stokken som følgjer prosjektet på byggjeplassen kvar dag. Veteranane og andre i gruppa er tilgjengelege på dagtid legg ned ein uvurderleg dugnadsinnsats i prosjektet. Når hallen står ferdig kjem driftsmodellen til å vera den same som tidlegare, med gratis tilgang for born og unge på dagtid.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Elitegruppa

John Granli:

John har dette året ikkje fått konkurrert på grunn av en skade.

Personlige rekorder:

500m	37,31	5 Desember 2021
1000m	1.11,70	4 Desember 2021
1500m	1.47,49	5 Desember 2021
3000m	3.42,33	4 Desember 2021
5000m	6.42,58	20 Februar 2022
10000m	14.05,71	18 Desember 2022



Erlend Belsvik:

Erlend holder høyt nasjonalt nivå på isen. I tillegg er han med som trener for rekruttene i Stavanger. Han har satt personlig rekord på 1000 meter og 5000 meter dette året. Han ble nummer 5 på fellesstart i NM enkeltdis-tanser i Stavanger og nummer 15 og 8 på 5000 og 10.000.

500m	38,89	01 Mars 2020
1000m	1.15,93	28. Februar 2025
1500m	1.54,67	24. Januar 2024
3000m	3.56,41	19 Februar 2022
5000m	6.49,24	10 Mars 2024
10000m	14.24,82	01 Mars 2025



Dina Storelid

Dina har også dette året tatt store steg som skeiseløper. Hun har satt personlig rekord på 1500, 3000 og 5000 meter. Hun har dette året blitt tatt ut til å gå World Cup i Polen, Heerenveen, Salt Lake City, Calgary og Inzell. Under NM enkeltdistanser ble hun nummer 2 på 1500 meter og nummer 3 på 3000 og 5000 meter. Hun har også gått flere Junior World Cup-er for Norge. Hun har også satt ny klubbrekord på 1500, 3000 og 5000 meter..

500m	43,67	12 Oktober 2024
1000m	1.24,74	4 November 2023
1500m	2.03,07	7 November 2025
3000m	4.12,10	5 Oktober 2025
5000m	7.21,24	26 Oktober 2025



Marcus Rasmussen Kvarme

Marcus har hatt ein kort pause frå skøyter, men er nå tilbake på isen. Veldig kjekt å sjå han gå løp igjen.

500m	38,60	12 Januar 2020
1000m	1.15,18	14 Mars 2019
1500m	1.55,19	17 Mars 2019
3000m	4.01,24	9 Mars 2019
5000m	7.00,67	15 Mars 2019
10000m	17.21,77	19 Mars 2017



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Juniorgruppa

Magnus Sørheim Nylund

Magnus har fortsatt sin gode framgang. Han har forbedret teknikk og uthald i løpet av sommer og haust. Han har satt personlig rekord på 500, 1000 og 1500 meter denne sesongen.

500m	44,416	22 November 2025
-------------	--------	------------------

1000m	1.31,60	23 November 2025
--------------	---------	------------------

1500m	2.21,83	22 November 2025
--------------	---------	------------------

3000m	4.59,94	14 januar 2024
--------------	---------	----------------

Rekruttgruppa og aldersbestemte klasser

Året 2025 har vært eit annerledes år for rekruttgruppa. I forbindelse med bygging av den nye hallen har vi ikke hatt is på hjemmebane. Dette har medført mye reising til Stavanger og Bergen for å få trening på is. Vi har ei god grunnstamme med løpere som møter på trening, men ser at noen nå er mindre på trening i påvente av is.

Trenar denne sesongen har vært John Kvarme som har fulgt godt opp. Rekruttane har trent tirsdag og torsdag, nokre også laurdag og søndag.

Det vert terpa på grunnleggande skeiseteknikk og enkle øvingar for balanse og rett skyve- og svingteknikk for dei yngste og ferskaste. Dei litt meir erfarne med grunnleggande ferdigheiter meir på plass har hatt strukturerter økter og program. Mest av alt dreier det seg om lek, skeisglede, meistring og samhald. Gruppa er blitt godt samansveisa, og har det kjekt saman på trening, og på tur til løp.

Av høgdepunkt i løpssesongen vår 2025 kan nemnast:

- Frida Stokken Salomonsen ble tatt ut til landskamp i Heerenveen
- Kretsløp i Bergen
- Rekordløpet i Stavanger
- Flikkerudløpet
- Lyse Cuper i Stavanger
- Medaljer i LM i Arendal:
 - Martha Stautland Båtsvik – Jenter 12 år – Gull 100 meter
 - Frida Stokken Salomonsen - Jenter 12 år – Sølv 100 meter
 - Frida Stokken Salomonsen – Jenter 12 år – Sølv 500 meter
 - Martha Stautland Båtsvik – Jenter 12 år – Bronse 500 meter
 - Frida Stokken Salomonsen – Jenter 12 år – Gull 1500 meter
 - Frida Stokken Salomonsen – Jenter 12 år – Sølv 1000 meter
- Kretsmesterskap sprint – Bergen
 - Frida Stokken Salomonsen - Jenter 12 år – Gull
 - Jan Henriksen – M80 - Sølv



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Veterangruppa - år 2025

Utan is på Vikahaugane har aktiviteten på is vore sterkt begrensa for Veterangruppa. I staden har veterangruppa lagt ned ein stor innsats for å realisera den nye ishallen. I vårhalvåret reiste dei ivrigaste til Stavanger for å få is under skeisene. Andre har teke ein mellomsesong og kjem sterkare attende når nye hallen står ferdig i 2026.

Gruppa tel no i alt 8-10 veteranar. 3 av desse har delteke på fylgjande løp:

Kretsløp : 1 deltakarakar.
Lysecup-løp i Stavanger 2 deltakarakar
NM Valle Hovin 1 deltakarakar
VM- Allround Stavanger 3 deltakarakar
Onar Westerheim 2.plass i M75
Harald Westerheim 7.plass i M75
Jan Henriksen 5.plass
Klubben held fylgjande noregsrekordar pr. 31.12. 2025

Noregsrekordar :

Onar M65	5000m	8,02.09	Hamar
Onar M65	10000m	16,34,60	Stavanger
Onar M 70	1000m	1,30,36	Inzell
Harald M70	5000m	8.33.23	Stavanger
Harald M70	10000m	17.47.43	Stavanger
Onar M75	3000m	5.07,88	Quebec

Årsbeste 2025

	500m	1000m	1500m	3000m
M75				
Onar Westerheim	50,44	1.43.17	2.37,05	5,29,16
M75				
Harald Westerheim	55,75	1.49,37	2.45,52	5.43,69
M80				
Jan Henriksen	55,91	1.58,33	3,13,17	7,20,11

No ser me fram til ny sesong i den fantastisk flotte ishallen vår.

Styret, våren 2026



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

KLUBBREKORDAR pr dags dato

KVINNER

300m (VH)	Anja Sporsheim	Stord	13. 02. 2016	28,99
500m	Anja Sporsheim	Calgary	18. 03. 2016	43,46
1000m	Dina Storelid	Stavanger	04. 11. 2023	1.24,74
1500m	Dina Storelid	Salt Lake City	07.11. 2025	2.03,07
3000m	Dina Storelid	Stavanger	05.10. 2025	4.12,10
5000m	Dina Storelid	Stavanger	26. 10. 2025	7.21,24

MENN

300m (VH)	Magne Notland	Stord	27. 12. 2014	25,59
500m	Magne Notland	Calgary	14. 03. 2015	36,60
1000m	Magne Notland	Calgary	16. 03. 2017	1.11,04
1500m	John Granli	Inzell	05. 12. 2021	1.47,49
3000m	John Granli	Inzell	04. 12. 2021	3.42,33
5000m	Kjell Storelid	Hamar	22. 01. 1999	6.30,05
10000m	Kjell Storelid	Salt Lake	22. 02. 2002	13.27,5

Banerekordar Vikahaugane

KVINNER

500m	Camilla Hallås Farestveit	29.01.2005	47,50
1000m	Camilla Hallås Farestveit	27.12.2023	1.36,87
1500m	Dina Storelid	28.12.2021	2.22,90
3000m	Dina Storelid	03.01.2021	5.00,49

MENN

500m	Magne Notland	12.12.2012	42,00
1000m	John Granli	30.01.2021	1.21,00
1500m	John Granli	05.12.2020	2,05.37
3000m	Magne Notland	28.12.2017	4.09.28
5000m	John Granli	28.11.2020	7.29,57
10000m	Erlend Belsvik	02.02.2019	16.17.67



Årsmelding 2025 - Stord Volleyball



Året 2025 har vore eit aktivt år for Stord Volleyball. Klubben er i ein vekstfase, og det er mykje aktivitet. Gruppene aukar, og me jobbar for å halde følge med utviklinga. Det er fleire av ungdommane som har tatt dommerkurs og fleire er begynt som trenar gjennom året 2025. Det er ei veldig kjekk utvikling!

Styret vil takke alle trenarar, oppmenn, medlemmer og føresatte for god innsats og bidrag gjennom året, og ser tilbake til eit flott år med mykje spennande aktivitet. Vidare i årsmeldinga kan ein lese om nokre av aktivitetane gjennom året 2025.

- Styret

Treningsgruppene for 2025 har vore:

- Minivolleyball 5-8 år
- Minivolleyball 9-12 år
- Ungdom U13
- Jenter U15 og U17
- Gutter U15 og U17
- Jenter U19
- Dame 3. divisjon
- Herre 3. divisjon

Gruppene:

Minivolley

Minivolleyball har blitt ei stabil gruppe. Gruppa er delt i 2, med ei gruppe frå 5-8 år og ei frå 9-12 år. Spelarane er ivrige og positive på treningane. Øyvind Storebø er trenaren for gruppa på 9-12 år, og Frederik Degrave, Elisabeth Nonås Fylkesnes og Ane Kristine Storebø er trenarane for gruppa på 5-8 år. For sesongen 2025/2026 vart den eldste gruppa større, og Frederik gjekk over til å vere trenar ilag med Øyvind. Gruppa hadde i vårsesongen i snitt rundt 20 deltakarar per trening.

Gruppa har fokus på balleik og utvikling av volleyball-slag, og den eldste gruppa spelte si første minivolleyturnering sesongen 2025/2026.

Medlemma i minivolleygruppa fekk utdelt overtrekksjakke og bukse i starten av året 2025.



U13

Våren 2025 starta volleyballgruppa eit nytt tilbod til ungdom U13. Elisabeth Nonås Fylkesnes var trenar ut vårsesongen. Gruppa talte mellom 8-12 spelarar på trening. Nokon av dei gjekk vidare til U15 på hausten. Haustsesongen har Annika Leth Helgesen og Celine Johannessen vore trenarar for U13 gruppa. Det har vore ei lita, men stabil gruppe.

Guttar U15 og U17

Guttar U15 og U17 starta opp hausten 2025 med Hans-Henrik Bay og Steffen Slåbakk Haugan som trenarar. Dei har ikkje spelt turnering, men jobbar med basis teknikk. Laget har fast trening ein gang i veka.

Jenter U15 og U17

Jentelaget har blitt ei stor gruppe med over 40 innmeldte medlemmer i sesongen 2025. I snitt er det mellom 15 og 30 deltakarar på treningane, men oppmøtet varierer frå årstid og vekedag. Fleire av jentene har tatt dommarkurs ila sesongen, og dømt fleire seniorkampar.

JU15 og JU17 hadde Arne Kaldestad som trenar store delar av sesongen, før Andreas Tverderøy overtok som trenar i november 2025. Jentene har delteke på turneringshelger, og hatt det svært kjekt.



Jenter U19

Sesongen 2025/2026 vart JU19 splitta frå JU15 og JU17, og fekk sine egne treningar. Før dette, altså våren 2025, trente U15/17/19 ilag alle saman, med Arne Kaldestad som trenar. Alf Helge Helgeland og Lene Gjøsæther var trenarar på kvar sin vekedag i starten av haustsesongen, før Andreas Tverderøy overtok begge treningane i november 2025.



Dame, 3.divisjon

Damelaget trenar fast 2 dagar i veka. Trenar for laget er Håvard Andersland, og Kasia Kaczorowska har vore lagleiar. Damelaget har vore eit stabilt lag, og nokre av U19-spelarane deltar òg på treningane.

Damelaget har spelt i 3. divisjon både sesongen 2024/2025 og 2025/2026. For sesongen 2024/2025 enda laget på 4. plass av 11 lag i divisjonen.

For sesongen 2025/2026 starta det med 2. plass på opningsturneringa i Bergen, og laget ligg midt på tabellen til årsavslutninga. Laget har gjort fleire sosiale arrangement utanom kampar, og det har vore felles nyttårsbord og sommaravslutning med herrelaget.



Herre, 3.divisjon

Herrelaget trenar fast to dagar i veka. Håvard Andersland er både trenar og spelar på herrelaget. Troppen i 2025 består av ei blanding av erfarne spelarar, talent frå

ungdomslaget og nykomarar både med og utan tidlegare erfaring frå volleyballmiljøet. Gutar U19 blei ein del av herrelaget i 2025.

Herrelaget har spelt i 3. divisjon både sesongen 2024/2025 og 2025/2026. Herrelaget fekk 6. plass av 9 lag sesongen 2024/2025, og starta sesongen 2025/2026 med å vinne opningsturneringa. Dei ligg ved årssavslutning på øvre halvdel av tabellen for 2025/2026.



Økonomi

Klubben har stabil økonomi, og er ein klubb i vekst. Årsresultatet vart på minus kr. 4.366,-

Juniorspelarane har fått sponsa bukse og jakke, medan senior har betalt ein eigenandel.

Totalbeløpet frå dei fantastiske støttespelarane våre på sponsinga er kr. 82.000,- (42.000,- er bokført i 2024, resterande 40.000,- vert fakturert i 2025).



Sponsorane var:

Subshore, Brilleriet, Bypass Skredsikring, Grov Grasklypp, Multiconsult, Leirvik AS, Ecit, SKL, Sunnhordland Trafikkopplæring, og Almås hotell.

Overtrekksjakkane og buksene vart delt ut sesongen 2025.


Oppgradering av utstyr

Stord Volleyball har i 2025 gjort ei stor oppgradering med kjøp av 8 nye nett og 8 sett stenger ved hjelp av sponsorar. Dei vart kjøpt frå PGM, men dessverre har det vore mykje feil med netta og me har måtte bytte ut fleire av dei i starten av sesongen. Kjøpet vart gjennomført etter stønad frå Kvinnheradstiftinga på kr. 29.000,- (motteke 2025) og Sparebanken Vest på kr. 22.500,- (Motteke i 2024). Dei gamle netta er donert til Vikahaugane og Stord idrettslag.

HobbyVolley

HobbyVolley våren 2024 vart arrangert 22. mars, med 8 damelag, 8 herrelag og 14 mixlag, totalt 30 lag. Haustturneringa var det 24 lag påmeldt, 7 damer, 5 herre og 12 mix.

Me merkar tydeleg at klubben er blitt større, og spesielt ved slike arrangement har



klubben fleire spelarar og føresatte å fordele dugnadsarbeid på.

Arrangementet fungerer godt, og det er god rutine på gjennomføring av turneringa. Det vert stadig færre hobbylag på Stord, og styret skal vurdere for sesongen 2026/2027 å arrangere ei hobbyturnering for ungdom i staden for - eventuelt i tillegg til - HobbyVolley-turneringa som eksisterer frå før.





Styret etter årsmøte 2025

Leiar: Ole Sæbø Sævareid

Økonomi: Elisabeth Nonås Fylkesnes

Styremedlem: Lene Gjøsæther

Styremedlem: Adrian Holm Nes (gjekk ut hausten 2025)

Ungdomsrepresentant: Steffen Slåbakk Haugan (følger sesongen)

Ungdomsrepresentant: Celine Johannessen (følger sesongen)

Det har vore gjennomført 8 styremøter i 2025. Alle møta har vore fysiske, og styret har brukt møterommet som ligg i gamlehallen. Styret har etter beste evne fordelt arbeidsoppgåvene mellom styremedlemma. Det kom ikkje inn eit nytt styremedlem for Adrian Holm Nes, og det er for 2026 valt å auke styringsgruppa til 4 vaksne, med rom for èin til frå haustsesongen av.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.7 ÅRSMELDING SYMJEGRUPPA

ÅRSMELDING 2025

STORD IL SYMJEGRUPPE

Innleiing

2025 har vore eit aktivt og positivt år for Stord IL Symjegruppa. Me har hatt stabil drift, god sportsleg utvikling og ein vekst i medlemstal. Rekruttering og vidareutvikling av eigne symjarar har vore eit sentralt fokusområde, og me ser at fleire tek steget vidare frå Rekrutt til Aspirant og vidare til Satsing.

Symjegruppa har òg eit solid apparat rundt den daglege drifta. Totalt er me 24 personar i støttegruppa, inkludert trenarar, styret, lagleiarar og andre nøkkelroller som sikrar god organisering og kontinuitet.

Medlemsoversikt

Symjegruppa har i 2025 totalt **108** aktive medlemmer, fordelt på:

- Trygg i vann
- Rekrutt
- Aspirant
- Satsing

Dette inkluderer både kursdeltakarar og symjarar i dei faste treningsgruppene.

Støtteapparatet rundt gruppene har òg vakse, og tel no totalt 24 personar.

Trenarsituasjon

Trenarteamet har levert ein svært god innsats gjennom heile året. Hovudtrenarane har hatt ansvar for det sportslege opplegget, planlegging og gjennomføring av treningar, påmelding til stemner og oppfølging av symjarane under konkurransar. Ungdomstrenarane har vore sentrale bidragsytarar i symjeskulen, og dei har hatt viktige roller i både Rekrutt- og Aspirantgruppa. Samla sett har trenarteamet skapt ein stabil og utviklande treningskvardag for alle utøvarane.

Aktivitetar, arrangement og erfaringar frå stemner

2025 har vore eit år med god og variert aktivitet i symjegruppa, både i bassenget og på tur. Gjennom året har symjarane våre vist ein imponerende kombinasjon av motivasjon, innsatsvilje og symjeglede. På fleire av stemnene har me reist som ein samla gjeng, og det har vore tydeleg kor mykje fellesskapet betyr for utøvarane. Dei møter opp med smil, forventning og eit sterkt ønske om å prestera – både for seg sjølve og for laget.

Helgeturar med overnatting har gitt rom for gode sosiale opplevingar, alt frå felles måltid til kveldsaktivitetar og små utflukter. Slike turar styrkjer lagkjensla, skapar tryggleik og gjer at



symjarane kjem tettare på kvarandre på ein positiv måte. Det er ekstra kjekt å sjå korleis både nye og meir erfarne symjarar tek vare på kvarandre og bidreg til eit inkluderande miljø.

I tillegg til reiser og stemner har me gjennom året arrangert fleire Vill i vann-kveldar for medlemmar og vener, med fokus på lek, meistring og vassglede. Me har òg gjennomført ei sommaravslutning for alle gruppene, med aktivitetar i bassenget og ei sosial ramme rundt sesongslutt. Året vart avslutta med eit internstemne, der det var svært god deltaking frå alle treningsgruppene. Stemnet gav symjarane høve til å konkurrera i trygge og kjende omgjevnader, og bidrog til både motivasjon og samhald.

Samla sett har aktivitetane, arrangementa og turane gjennom året vore viktige for å skapa eit inkluderande, engasjerande og trygt miljø rundt symjegruppa – og har gitt symjarane mange gode opplevingar både i og utanfor bassenget.

Treningsleir

Satsingsgruppa reiste i 2025 på treningsleir til Barcelona, saman med symjegruppa frå IL Solid. Turen gav symjarane ei intensiv og lærerik treningsveke i flotte omgjevnader. I tillegg til det sportslege utbyttet fekk symjarane mange gode sosiale opplevingar, både i eiga gruppe og på tvers av klubbane. Felles aktivitetar, nye vennskap og gode opplevingar bidrog til å styrka samhaldet og gav eit positivt løft inn i resten av sesongen. Symjarane kom heim med ny motivasjon og inspirasjon som dei har tatt med seg vidare i treningsarbeidet.

Stevner

Symjarane våre har delteke på ei rekkje stemner gjennom året, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det har vore høg aktivitet og god representasjon frå både Aspirant- og Satsingsgruppa. I 2025 har me hatt deltaking på følgjande stemner:

- Haugaland Kraft Open, Karmøy
- Skagerak Swim, Kristiansand
- SSK Open, Stavanger
- Bergen Swim Festival, Bergen
- Vår Energi Grand Prix, Stavanger
- Sandnessprinten, Sandnes
- Fana Sparebank Cup, Bergen
- ADO Cup, Bergen
- Araber Swim, Haugesund
- ADO Open, Bergen
- NM Ungdom, Bergen
- Bømlastevnet, Bømlø
- Nordsjøstevnet, Stavanger
- KSSK Open, Klepp
- Sandnes Open, Sandnes

Aspirant- og Satsingsgruppa har vist god framgang gjennom sesongen. Mange symjarar har sett personlege rekordar, kvalifisert seg til nye distansar og fått verdifull konkurranseerfaring. Konkurranseaktiviteten er i vekst, og motivasjonen blant symjarane er høg.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.7 ÅRSMELDING SYMJEGRUPPA

Rekruttgruppa har delteke på interne stevner gjennom året og har vist svært god utvikling. For mange av dei yngste symjarane har dette vore første møte med konkurranseformatet, og dei har tatt store steg både teknisk og tryggleiks-messig i bassenget.

Trygg i vann

Trygg i vann-kursa har vore ein stor suksess i 2025. Alle kurs har vore fulle, og me har hatt venteliste gjennom heile året. Dette viser både behovet i lokalsamfunnet og kvaliteten på kursa.

Kursa vert gjennomført av frivillige vaksne i lag med ungdoms instruktørar som har sørgt for god struktur, tryggleik og kvalitet i opplæringa. *Trygg i vann* er ein viktig del av symjegruppa sitt samfunnsoppdrag og fungerer òg som ein naturleg rekrutteringsarena for nye symjarar.

Økonomi

2025 har vore eit år der økonomien har vore krevjande, og drifta har vore prega av stramme rammer. Me har likevel klart å oppretthalde aktivitetane våre, men det er tydeleg at me må arbeida målretta for å styrka den økonomiske situasjonen framover.

Hovudpunkt frå økonomien i 2025:

- Leige av symjehall er framleis ein av dei største utgiftspostane og påverkar driftsmarginane våre.
- Lønnskostnader til trenarteamet er ei nødvendig investering for å sikra kvalitet, tryggleik og kontinuitet i treningane.
- Inntektene frå *Trygg i vann*-kursa går i hovudsak til å dekkja bassengleige, trenarkostnader og reiseutgifter i samband med stevner.
- Me har søkt og fått støtte frå fleire fond og ordningar, noko som har bidrege positivt.
- Dugnadar og arrangement har gitt viktige bidrag til drifta, men behovet for ytterlegare inntektsarbeid er framleis til stades.

Symjegruppa har kontroll på økonomien, men må framleis arbeida aktivt med både inntekter og kostnadsstyring for å sikra vidare vekst og utvikling.

Avslutning

2025 har vore eit år prega av vekst, stabilitet og framgang. Me har fått fleire nye symjarar, styrkt trenarteamet, gjennomført gode arrangement og sett tydelege sportslege resultat. Det viktigaste er likevel at me har eit inkluderande og positivt miljø der barn og unge trivst, utviklar seg og opplever meistring.

Stord IL Symjegruppa vil takka alle symjarar, trenarar og støttegruppa for innsatsen i året som har gått. Me ser fram til eit nytt og spennande år i 2026.



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



Årsmelding for 2025

Innleiing

Frå og med årsmøtet i mars 2025 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre:

Leiar : Tove Agdestein
Kasserar : Madel Helland
Styremedlem : Sigrid Matre
Styremedlem : Jan Ove Øen
Styremedlem teknisk og nestleiar :

- Styret hadde 3 styremøter i 2025.

I tillegg har desse nemndene fungert:

Materialforvaltar : Kenneth Westerheim
Rankingfører : Ove Vedøy
Kartråd : Åge Hovden
Turorientering : Storatraven: Henrik Ottesen, Edel Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rølsnes
Litlatraven: Gerda Øen, Jan Ove Øen

Arrangement

Nærløp:

Gruppa hadde ansvar for 5 nærløp, Fitjar IL for 1, Bremnes IL 1, Onarheim IL for 1 og Kvinnherad O-lag for 1 av dei 9 nærløpa som blei arrangert i Sunnhordland. Sveio OL arrangerte 1 nærløp. I tillegg gjennomførte me eit sprint/gateløp ved Sagvåg skule i mars, eit sprintløp i april ved Hystad skule, og 16.09 sprint/gateløp. To treningsløp / postplukk blei også arrangert.

Dato	Navn	Arrangør
22.04.2025	Nærløp/1.ranking	Stord IL
29.04.2025	Nærløp/2.ranking	Fitjar IL, Stord IL
06.05.2025	Nærløp/3.ranking	Bremnes IL, Stord IL
13.05.2025	Nærløp/4.ranking	Stord IL
20.05.2025	Nærløp/5.ranking	Onarheim IL, Stord IL
04.06.2025	Nærløp/6.ranking	Stord IL
10.06.2025	Nærløp/7.ranking	Stord IL
17.06.2025	Nærløp/8.ranking	Kvinnherad O-lag, Stord IL
26.06.2025	Nærløp	Sveio OL
19.08.2025	Nærløp/9.ranking	Stord IL



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



Kretsløp:

Vestlandspremieren, som er eit samarbeid mellom Hordaland og Rogaland krets, med tre ulike løp i løpet av helga den 4.- 6. april var det første kretsløpet for sesongen. På fredagskveld var det sprint på Bremnes, på lørdag mellomdistanse på Sveio, Auklandshamn, og på søndag lang distanse på Stord, start var på Heiane (utanfor Biltrema). Både løpet på lørdag i Sveio og søndag på Stord samla litt over 200 deltakarar, om lag like mange frå Hordaland som frå Rogaland.

På søndag var 69 av dei 200 deltakarar barn og unge under 18 år.

Frå orienteringsgruppa var det 5 løparar med på fredag, 9 på lørdag og 8 på søndag. Ingeborg, Live og Malene Øen deltok i alle løp. Under søndagens løp var det ca 20 i arrangørstaben som var med og bidrog på ein eller anna måte. Dei som har svart på evalueringa på Eventor har gitt gode tilbakemeldingar både på løypene og arrangementet.

Deltakarar frå Stord IL på fredag 4.april (Bremnes):



Stord IL

4 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff
5	Malene Øen	DA (10)	24:19	+3:09
9	Madel Lillenes Helland	DB (15)	38:29	+13:53
10	Gerda Øen	DC (18)	23:04	+8:15
	Jan Ove Øen	HB (12)	diskvalifisert	
	Sigvald Robberstad	HB (12)	ikke startet	

Lørdag 5.april i Sveio:



Stord IL

11 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
1	Sigvald Robberstad	H 80- (7)	29:09		14:13
1	Kenneth Westerheim	H 17- (27)	29:53		7:45
2	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (4)	37:16	+6:09	14:06
5	Gunnar Lyseter	H 80- (7)	41:53	+12:44	20:25
6	Ingolf Dybvik	H 80- (7)	43:14	+14:05	21:05
7	Jon Magne Bratseth	H 60- (12)	32:25	+7:04	12:16
7	Gerda Øen	D 70- (7)	53:27	+25:48	26:04
10	Jan Ove Øen	H 70- (11)	48:56	+20:56	18:32
10	Torbjørn Agdestein	H 17- (27)	39:37	+9:44	10:17
11	Geir Torsnes	H 60- (12)	54:17	+28:56	20:33
	Emily Agdestein	N1-open (11)	fullført		

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering

Søndag 6.april på Stord:



Stord IL

14 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
0	Erlend Bratseth	N1-åpen (11)	20:27		10:45
0	Eskil Rafdal	N1-åpen (11)	26:24		13:53
0	Emely Agdestein	N1-åpen (11)	31:36		16:37
1	Kenneth Westerheim	H 19- (13)	51:37		8:11
1	Emily Almås	B-åpen 10-16 (1)	1:02:46		21:38
2	Malene Øen	D 40- (4)	53:50	+4:07	12:14
2	Ingolf Dybvik	H 80- (9)	1:13:15	+21:58	25:15
3	Jon Magne Bratseth	H 60- (11)	48:36	+4:39	13:53
5	Madel Lillenes Helland	C-åpen 17- (17)	50:29	+22:41	25:14
5	Gunnar Nysæter	H 80- (9)	1:20:58	+29:41	27:55
6	Sigvald Robberstad	H 80- (9)	1:29:21	+38:04	30:48
9	Merete Rafdal	C-åpen 17- (17)	59:35	+31:47	29:47
9	Harald Haugen	H 80- (9)	1:50:15	+58:58	38:01
13	Torbjørn Agdestein	H 19- (13)	1:23:26	+31:49	13:14



Stord IL

14 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
0	Erlend Bratseth	N1-åpen (11)	20:27		10:45
0	Eskil Rafdal	N1-åpen (11)	26:24		13:53
0	Emely Agdestein	N1-åpen (11)	31:36		16:37
1	Kenneth Westerheim	H 19- (13)	51:37		8:11
1	Emily Almås	B-åpen 10-16 (1)	1:02:46		21:38
2	Malene Øen	D 40- (4)	53:50	+4:07	12:14
2	Ingolf Dybvik	H 80- (9)	1:13:15	+21:58	25:15
3	Jon Magne Bratseth	H 60- (11)	48:36	+4:39	13:53
5	Madel Lillenes Helland	C-åpen 17- (17)	50:29	+22:41	25:14
5	Gunnar Nysæter	H 80- (9)	1:20:58	+29:41	27:55
6	Sigvald Robberstad	H 80- (9)	1:29:21	+38:04	30:48
9	Merete Rafdal	C-åpen 17- (17)	59:35	+31:47	29:47
9	Harald Haugen	H 80- (9)	1:50:15	+58:58	38:01
13	Torbjørn Agdestein	H 19- (13)	1:23:26	+31:49	13:14



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



Statistikk for rankingløp/nærløp viser jamn nedgang i deltaking gjennom årene.

Løp.nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56
2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38
2018	31	39	32	28	31	26	41	20	22	40			31
2019	40	37	29	39	35	31	23	13	18	33			30
2020								27	24	20			
2021							25	25	16	34			
2022	19	26	24	18	33	7	27	18	35(6)				23
2023	20	64	21	23	23	15	22	16	37	17			26
2024	20	26	13	20	26	25	30	27	23	17			23
2025	24	22	40	21	18	21	20	9	29	46			25

På Sveio sitt løp den 3.september var det 46 deltakrar.



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering

Nybyrjarkurs: Ikkje blitt arrangert i 2025.

Treningsløyper:

Torbjørn Agdestein har laga løyper til 5 treningsløp utover hausten. Fleire har nytta seg av tilbodet. Veldig bra tiltak. 😊

Avslutning Turorientering:

Det var bra deltaking på merkeutdelinga spesielt blant dei som fekk gullmedalje i Litlatraven. Det vart òg delt ut gavekort.

Årsavslutning: Ein tradisjonell samling med premiering av o-løp, samt pizza og quiz blei arrangert i idrettstova i november.



Andre Sportslege resultat

Hamla Grand Prix (Samnanger IL):

Søndag 25.mai



Stord IL 2 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid	R
2	Kenneth Westerheim	H 19- (8)	2:04:49	+0:18	10:21	
2	Sigvald Robberstad	H 80- (3)	35:27	+0:09	12:31	



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



O-Festival Geilo IL / IL Gular:

Fredag 20. juni



Stord IL

8 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
2	Kenneth Westerheim	H 50- (49)	14:10	+1:23	7:05
6	Sigvald Robberstad	H 80- (15)	17:06	+3:04	12:12
8	Malene Øen	D 40- (22)	15:53	+2:25	8:49
13	Ingeborg Sumstad Øen	D 11-12 (43)	9:50	+2:22	8:11
	Emily Olufine Agdestein	N1-åpen (52)	fullført		
	Erik Corvalo Andersen	B-åpen 10-16 (7)	13:13		9:26
	Live Ollianne Sumstad Øen	B-åpen 10-16 (7)	14:46		10:32
	Torbjørn Agdestein	H 21-E (72)	diskvalifisert		

Laurdag 21.juni:



Stord IL

8 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid	R
11	Sigvald Robberstad	H 80- (19)	54:36	+20:34	21:50	
13	Malene Øen	D 40- (23)	41:51	+11:59	11:18	
19	Ingeborg Skulstad Øen	D 11-12 (51)	21:48	+7:32	10:22	
23	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (40)	51:37	+20:33	16:39	
47	Kenneth Westerheim	H 50- (83)	48:57	+19:51	11:39	
	Emily Olufine Agdestein	N1-åpen (74)	fullført			
	Erik Carvalo Andersen	B-åpen 10-16 (11)	37:42		17:57	
	Live Ollianne Sumstad Øen	B-åpen 10-16 (11)	43:08		20:32	



Stord IL

1 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
81	Torbjørn Agdestein	H 21-E1 (177)	59:31	+28:46	4:03

Søndag 22.juni:



Stord IL

9 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid	R
4	Kenneth Westerheim	H 50- (67)	41:19	+2:49	6:12	
7	Ingeborg Sumstad Øen	D 11-12 (53)	20:19	+3:04	6:53	
12	Malene Øen	D 40- (19)	53:45	+10:50	8:57	
18	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (37)	57:58	+12:12	12:00	
	Emily Olufine Agdestein	N1-åpen (69)	fullført			
	Live Ollianne Sumstad Øen	C-åpen 10-16 (27)	20:19		6:53	
	Erik Carralo Andersen	B-åpen 10-16 (12)	25:40		7:55	
	Live Sunnstad Øen	B-åpen 10-16 (12)	27:34		8:30	
	Sigvald Robberstad	H 80- (16)	diskvalifisert			



Stord IL

1 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
64	Torbjørn Agdestein	H 21-E1 (177)	2:49:48	+1:28:02	11:33

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



Sørlandsgaloppen 02- 06.07.2025

Dag1

Ingen resultater vist i Eventor

Dag2



Stord IL 9 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
5	Kenneth Westerheim	H 50- (78)	24:01	+1:42	7:31
8	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (56)	25:40	+2:35	11:39
10	Edel Slettemark	D 75- (29)	56:31	+29:37	27:50
18	Jon Magne Bratseth	H 65- (68)	26:43	+8:10	12:08
24	Ove Vedøy	H 55- (106)	31:49	+9:24	11:24
25	Geir Torsnes	H 60- (103)	33:48	+11:05	12:39
41	Madel Lillenes Helland	B-åpen 17- (245)	38:13	+14:02	15:28
53	Torleiv Agdestein	B-åpen 17- (245)	44:44	+20:33	18:06
	Emily Olufine Agdestein	N1-åpen (260)	fullført		

Dag 3:



Stord IL 8 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid	R
4	Edel Slettemark	D 75- (29)	1:07:16	+30:37	25:28	
6	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (56)	49:07	+9:07	15:12	
6	Kenneth Westerheim	H 50- (78)	38:36	+6:03	9:29	
6	Torleiv Agdestein	B-åpen 17- (245)	37:57	+11:39	13:54	
13	Jon Magne Bratseth	H 65- (68)	44:24	+12:41	13:44	
30	Ove Vedøy	H 55- (106)	1:06:28	+32:47	17:52	
45	Madel Lillenes Helland	B-åpen 17- (245)	58:35	+32:17	21:27	
	Geir Torsnes	H 60- (103)	ikke godkjent			

Dag 4



Stord IL 8 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
4	Torleiv Agdestein	B-åpen 17- (245)	33:43	+8:42	14:31
6	Edel Slettemark	D 75- (29)	1:27:47	+45:33	43:40
8	Jon Magne Bratseth	H 65- (68)	30:18	+5:56	13:20
11	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (56)	49:32	+17:17	21:49
23	Ove Vedøy	H 55- (106)	48:01	+16:20	17:16
25	Geir Torsnes	H 60- (103)	46:53	+21:01	17:45
36	Madel Lillenes Helland	B-åpen 17- (245)	49:19	+24:18	21:15
	Emily Olufine Agdestein	N1-åpen (260)	fullført		



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering





Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



Vestlandsmesterskap, Odda 2-dagers:

Lørdag 16.august



Stord IL 9 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
1	Sigvald Robberstad	H 80- (4)	37:49		13:39
1	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (4)	39:37		13:31
2	Ingeborg Sumstad Øen	D 11-12 (8)	25:39	+1:15	13:09
6	Live Ollanne Sumstad Øen	D 15-16 (6)	1:27:52	+41:08	27:12
6	Torbjørn Agdestein	H 21- (11)	50:00	+13:40	10:46
9	Geir Torsnes	B-åpen 17- (18)	59:05	+17:14	21:19
10	Jon Magne Bratseth	H 60- (18)	42:20	+9:09	13:06
11	Madel Lillenes Helland	B-åpen 17- (18)	1:02:58	+21:07	22:43
	Emily Olufine Agdestein	N1-åpen (8)	fullført		
	Gerda Øen	D 70- (4)	ikke startet		
	Malene Øen	D 40- (5)	ikke startet		
	Jan Ove Øen	H 70- (7)	ikke startet		

Søndag:



Stord IL 9 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
0	Emily Olufine Agdestein	N1-åpen (4)	44:05		25:28
1	Sigvald Robberstad	H 80- (5)	58:55		18:14
1	Jon Magne Bratseth	B-åpen 17- (17)	43:49		13:33
1	Ingeborg Sumstad Øen	D 11-12 (8)	28:36		12:10
2	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (4)	1:12:10	+5:33	15:21
2	Geir Torsnes	B-åpen 17- (17)	47:14	+3:25	14:37
8	Live Ollanne Sumstad Øen	D 15-16 (8)	1:33:30	+38:45	19:53
	Torbjørn Agdestein	H 21- (7)	diskvalifisert		
	Madel Lillenes Helland	B-åpen 17- (17)	diskvalifisert		
	Malene Øen	D 40- (5)	ikke startet		

KM (Os/Fana - TIF Viking)

Lørdag 30.august, mellomdistanse



Stord IL 4 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff
1	Ingeborg Sumstad Øen	D 11-12 (1)	21:05	
4	Geir Torsnes	B-åpen 17- (10)	50:42	+10:00
8	Jan Ove Øen	H 70- (12)	1:00:32	+25:40
12	Jon Magne Bratseth	H 50- (24)	36:16	+11:12



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



Søndag 31.august, langdistanse



Stord IL 8 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
1	Sigvald Robberstad	H 80- (4)	29:46		14:10
2	Ingeborg Sumstad Øen	D 11-12 (2)	1:39:18	+43:36	47:17
2	Irinja Almås	D 40- (3)	1:38:20	+21:25	18:33
3	Henrik Ottesen	H 50- (6)	1:16:08	+10:43	14:21
3	Geir Torsnes	B-åpen 17- (5)	1:04:13	+9:30	26:45
4	Jon Magne Bratseth	H 60- (14)	56:06	+9:07	17:31
5	Jan Ove Øen	H 70- (6)	1:37:48	+57:56	40:45
	Emily Almås	B-åpen 10-16 (3)	1:01:16		25:31

Veteran NM Notodden

Sprint fredag 12.september



Stord IL 4 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
1	Bjarthe Westerheim	H 50- (13)	18:50		6:58
5	Ingolf Dybvik	H 85- (10)	31:24	+8:12	19:37
10	Gerda Øen	D 70- (25)	24:01	+6:20	13:20
35	Jan Ove Øen	H 75- (38)	44:36	+22:19	20:16

Langdistanse lørdag 13.september



Stord IL 6 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
2	Bjarthe Westerheim	H 50- (22)	44:25	+0:21	7:31
8	Ingolf Dybvik	H 85- (15)	43:38	+11:54	19:23
10	Gerda Øen	D 70- (20)	46:14	+11:53	16:41
10	Sigvald Robberstad	H 80- (17)	44:50	+10:50	16:11
24	Henrik Ottesen	H 55- (39)	54:47	+12:20	9:37
35	Jan Ove Øen	H 75- (50)	58:36	+21:32	17:17
	Kenneth Westerheim	H 50- (22)	ikke startet		

Mellomdistanse søndag 14.september



Stord IL 4 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid
1	Bjarthe Westerheim	H 50- (17)	29:01		8:32
4	Ingolf Dybvik	H 85- (10)	29:40	+6:23	19:15
9	Sigvald Robberstad	H 80- (19)	30:13	+8:01	17:27
19	Henrik Ottesen	H 55- (42)	35:06	+8:25	11:10
	Kenneth Westerheim	H 50- (17)	ikke startet		

Turorientering

2025 var 54. gongen det vart arrangert turorientering på Stord. Det er framleis god deltaking, det vart seld 662 tur-o konvoluttar totalt for begge «travane», Storatraven 333 stk og Litlatraven 329 stk.

Det var i år 4 kart for Storatraven, desse var Skjephaugen, Fjellstova, Lundarstølen og Gruvene. For Litlatraven var det Digernes og Lærarskulen.



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering


473 personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2025. Totalt 106 personar tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 172 personar i Litlatraven (30 postar). Det var 84 personar som tok alle 90 postane. Me har hatt salg på Sport 1 på Heiane og Deli de Luca (Esso) på Leirvik. I tillegg har me seld via velferdsclubbane på Aker Solution, Stord kommune og Fagne.

Det var bra deltaking på merkeutdelinga spesielt blant dei som fekk gullmedalje i Litlatraven. Det vart delt ut gavekort etter trekning på premieutdelinga, vinnarane er lista opp i tabellen under.

Premie	Namn	Namn	Namn	Namn	Namn
Storatraven (ST) alle postar 3 a' 500 kr	Geir Hildal	Roar Hystad	Lisa Kyvik		
Litlatraven (LT) alle postar 5 a' 300 kr	Nina Hagerup	Lars Hystad	Per Vidar Johannesen	Lydia Brekke Kvarme	Eirik Skjelnes Larsen
Alle mnd post 1 a' 1000 kr	Ruben Olsen				
Alle postar LT+ST, 1 a' 1000 kr	Wenke Åse				
Deltakarpremier, 5 a' 300 kr	Roar Hystad	Malin Ingeborg Kalliainen	Birte Larsen	Jonathan Bergo	Veronika J. Vaka

Storatraven vart arrangert for 54. gong og Litlatraven for 13. gong.

Selde tur o posar	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Storatraven (1972)	213	277	278	278	244	297	306	257	287	497	513	454	370	345	333
Litlatraven (2013)			150	185	175	210	253	200	245	466	502	422	407	348	329
Totalt begge	213	277	438	463	419	507	559	457	532	963	1015	876	777	693	662
Personar delteke :															
Tur-o nett brukar	114	122	188	148	167	218	236	202	234	624	736	516	517	459	473
Alle postar Storatraven	36	52	67	52	53	73	77	77	77	162	232	84	122	116	106
Alle postar Litlatraven			42	44	55	60	64	65	121	329	286	180	159	147	172



Stolpejakten 2025

Det var 5.gong orienteringsgruppa arrangerte Stolpejakten. Stolpejakten er tenkt som eit



Årsmøte 2026 – Stord IL Orientering



lågterskeltilbod for alle, uavhengig av kartkunnskap, og stolpene er stort sett lett tilgjengelege. Stord Orientering hadde i år to kart i Stolpejakten. Eit lokalt sentrumsnært i området Gullberg, Leirvik med 20 stolpar, og eit ekspedisjonskart på Stordfjellet med 10 stolpar.

Til saman var det 1031 stolpejegerar og 12820 individuelle stolpebesøk. Det vart trekt ut tre gåvekort blant alle jegerar som hadde fullført begge kart, samt individuelle kart.



Ungdom og rekrutt

Det blei ikkje arrangert nybyrjartreningar.

Kart

Alle kart er oppdatert, men enkelte nye hogstfelt er ikkje med. Kartarbeid er utført av Åge Hovden. Firma «Ski og skogsopplevelse» bidrar til oppgradering.

Økonomi

Økonomien i gruppa er god. Rekneskapet viser at gruppa hadde eit *resultat* 54.342,-.

Heidersmerke

Ingen heidersmerke i 2025.

Styret



ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2025

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor merkedeltakarane har kunne avlagt prøvane.

26 har tatt Idrettsmerke i år. 1 opp fra ifjor. Me håpar fleire vil ta turen opp å ta merke.

Elles så vil vi fremdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Mange ulike øvelser. Så me går for fleire til neste år.

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Desse har vore i utvalet i 2025: Gisle Tjong, Frank Einar Pedersen, Jan Henriksen, Unni Gudmundsen og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka **Grov Grasklypp v. Kjartan Grov** for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk og kjekk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med. Humøret er på topp. Håpar å sjå deg på stadion i mai/juni eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks
Leiar Idrettsmerkegruppa



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.2 ÅRSMELDING IDRETTSMERKEUTVALGET

Etternavn/fornavn	Født år	Lag/skole/annet	Antall ganger	Merke/utmerkelse
ALMÅS, ASLAUG GROV	1972	Stord IL	33	
ALMÅS, MALENE GROV	1997	Stord IL	12	
ALMÅS, BRITA GROV	2009	Stord IL	1	Bronse
CRUICKSHANKS, MARIT SÆTRE	1951	Stord IL	15	Statuetten
HAUGEN, HARALD	1939	Stord IL	62	
HENRIKSEN, JAN	1946	Stord IL	18	
KVARME, JOHN	1956	Stord IL	11	
LUND, GURO	1976	Stord IL	17	
LUNDE, INGA HELLAND	1956	Stord IL	7	
MÆLAND, ANNE BERIT	1955	Stord IL	46	.
NILSEN, ANDERS GROV	1974	Stord IL	33	
NILSEN, JOHANNES GROV	2009	Stord IL	1	Bronse
NORDHUS, STEINAR	1948	Stord IL	39	
OTTESEN, ARNE	1973	Stord IL	25	
OTTESEN, HENRIK	1973	Stord IL	14	
OTTESEN, HEDDA SIMONSEN	2009	Stord IL	1	Bronse
OTTESEN, INGVILD HIBERG	2002	Stord IL	5	
SAUE, HANS ERIK	1959	Stord IL	17	
SAKSEIDE, MAGNE	1950	Stord IL	47	
SIMONSEN, IRENE	1974	Stord IL	3	
TVERDERØY, HARRIET	1947	Stord IL	48	
VESTBØSTAD, HÅKON	1961	Stord IL	48	
ØEN, GERDA MALENE	1952	Stord IL	39	
ØEN, JAN OVE	1949	Stord IL	47	
AASHEIM, MARIE	1946	Stord IL	53	
ÅSE, WENKE	1965	Stord IL	10	

Årsmelding allianse- idrettslag



Idrettsglede heile livet



STORD FOTBALL
1918 - 2025

ÅRSMELDING 2025





ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2025

INNLEIING

Stord Fotball er ein klubb i utvikling. Dei siste åra er det tatt grep rundt drifta for å kunne hente fart og bygge vidare. I 2025 har me fått på plass eit betre økonomisk utgangspunkt gjennom at Stord Kommune no har tatt sin del av kostnaden på 1,7 MNOK for garderobeanlegga som vart oppført i 2014. Me har reduksjon i lønnskostnader, samt ei oppbygging av spelarutviklingstiltak og Fotballfritidsordninga som gir eit handlingsrom i forhold til anleggsutvikling og sportsleg satsing i klubben framover.

Stord Fotball skal tilby rundt 550 spelarar eit trygt og godt miljø. Eit miljø som skal reflektera verdiane våre Meistring – Glede – Samhald.

I tillegg skal me tilby dei som vil mest med idretten ein arena der dei kan konkurrera på det høgaste nivået i vår region. Det har me i dag gjennom dame- og herrelaga våre i 3.divisjon, og det er det viktig å bygge vidare på. Den lysta og den svolten etter å utvikla seg sjølv, i lag med andre. Det ser me på som ein viktig samfunnsfunksjon som me vil utvikle vidare. Når me seier me skal ta vare på alle, så må me og ta vare på dei som legger mest i potten i form av tid, krefter og engasjement. Breidde og topp hand i hand.

Vidare opplever me at næringslivet heier på den aktiviteten me tilbyr. Det er heilt essensielt for å kunne drive klubben vidare og noko me set stor pris på. Spelarane våre treng ein klubb, eit samfunn og eit næringsliv som er med på laget.

Stord Fotball er ikkje som andre fotballklubbar lokalt. Me driv ei rekke spelarutviklingstiltak der me har tilsette for å utvikla og driva det. Me arrangerer ei rekke innandørsturneringar for fotballspelarar i alle aldrar, me har den største fotballturneringa i kommunen gjennom Puttefestivalen, og kvar periode det er skulefri har me fotballskular og fritidsodningar for dei minste.

Men mest av alt er me omlag 60 lag, 550 fotballspelarar og 160 frivillige i ulike verv, som ynskjer å skapa ein positiv arena for oss sjølve, borna våre og alle dei rundt oss. Det er ganske imponerende i seg sjølv, og det gir oss eit potensiale til å gjere ein stor og positiv forskjell i vår region.

Tusen takk til alle dykk som bidrar positivt!
Heia Stord Fotball!

Meistring – Glede - Samhald



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

ØKONOMI

Rekneskap 2025 og budsjett 2026

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12.2025 syner eit driftsresultat med eit underskot på kr -55.064,-. Ordinært resultat inklusiv finanspostar viser eit underskot på kr -55.619,-

Eigenkapitalen vart redusert frå kr 3.421.658,- pr. 31.12.2024 til kr 3.366.039,- pr. 31.12.2025.

Budsjett for 2025 var eit resultat på kr 100.000,- og med ei inntekt på kr 8.171.684,-. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2025 på kr 8.613.885,-.

Samla drifts-, vare- og kapitalkostnader var i 2024 kr 8.668.949,-. Resultat for 2025 viser dermed eit resultat som er kr 155.619,- svakare enn budsjett. Dette hovudsaklig grunna ein auke i andre driftskostnader knytta til vidare utvikling av klubben.

Samla langsiktig gjeld pr. 31.12.2025 er kr 1.564.670,- der kr 604.670,- er lån til ny bil i DNB Finans, og kr 960.000,- er lån frå Kraftsalsfondet til Stord kommune. Totalt er langsiktig gjeld redusert med kr 822.153,- i 2025.

Lån i Kraftsalsfondet er i sin heilheit knytta til finansiering av garderobeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubbhus på Vikahaugane.

Avskrivingar knytt til garderobebygga, klubbhus, bil m.m utgjorde kr 239.600,- i 2025. Og resultat av finanspostar viser kr. - 556,-

Styret viser for øvrig til revidert rekneskap med noter.
Rekneskapen er i 2025 ført av ECIT Stord AS.
KPMG har revidert rekneskapen for Stord Fotball i 2025.

Styret legg fram eit budsjett for 2025 til årsmøte som viser et overskot på kr 100.000,- og ei inntekt på kr 9.000.000,-



ORGANISASJON OG TILSETTE

Stord Fotball har i 2025 hatt det sekstande året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9. desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige sær-idrettslag i allianse med Stord IL.

Det var registrert om lag 550 aktive medlemmer i 2025. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer om lag 160 engasjerte kvinner og menn.

Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane har vore tilsett som spelarutviklarar med ansvar for gjennomføring av spelarutviklingstiltak, inkludert fotballskular og ferieklubbbar. Dei har også administrative oppgåver knytta til gjennomføring av cupar, og trenarrolle for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne, ungdomsgruppa og a-laget.

Åge Aadland hadde i 2025 ein 25% stilling. Åge si hovudoppgåve har vore rekneskap.

Stord Fotball har og i 2025 fått god hjelp av Sverre Skjold Olsen og Emil Lone, som har bidratt til å få prosjekta til å gå rundt. I tillegg har mange ungdommar jobba på fotballskular, sommarklubb osv.

Vidare har Sverre Skjold Olsen blitt ansatt midlertidig som spelarutviklar gjennom økt aktivitet på tiltaka våre, samt for å dekke opp at Jon Andre Røyrande tok ut farspermisjon på slutten av året.

Det har vore om lag 5 årsverk i organisasjonen i 2025, dette inkluderer stillingane nemnd ovanfor, samt innleigd arbeidskraft til diverse prosjekt, spelarar/trenarar med kontrakt, reingjering osv.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

VISJON OG MÅLSETJING

Stord Fotball sin visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball vil med denne visjonen visa at me vil leggja alt til rette for at kvar og ein som vil spela fotball hjå oss skal få eit tilbod der dei føler at dei meistrar aktiviteten. Det viktige for oss er at dei har det kjekt på trening og i kamp og i tillegg lærer og utviklar seg. Klubben skal sikra at dei opplever eit trygt miljø og at alle er inkludert i fotballfamilien vår. Me vil og leggja til rette med tilbod til dei som ynskjer å trenast meir.

Trivsel og meistring er viktig i kvardagen til barn og unge, så det er fokus i klubben på å gi desse eit variert og utviklande tilbod på fotballbanen, og i tillegg ha fokus på det sosiale samhaldet i laga dei høyrer til. God helse og fysisk aktivitet er berekrafta i ein sunn konkurranse med jamaldrande.

Stord Fotball sine verdiar er meistring, glede og samhald.

Meistring er viktig for å sikra at spelarar og støtteapparat jobbar med å forbetre seg sjølv og laget, både individuelt, som ei gruppe og som klubb.

Glede er viktig for å sikra at spelarane våre nytt prosessen med å spela fotball, for å halda motivasjonen høg, for å sjå fram til å møte opp og å sjå tilbake på ei kjekk tid i fotballen.

Samhald skal sikra at laget fungerer som ein heilskap, både på og utanfor banen, for å sikra at alle skal føla seg velkomne, og at ein kjenner på tryggleik i Stord Fotball.

Som Kvalitetsklubb jobbar Stord Fotball med fokus på at det er «Klubben som er sjef», det vil seia at det er organisasjonen og reglar/rammer i klubben som skal styra aktiviteten. Sportsleg utval i klubben har gjennom året 2025 hatt god kontakt med laga i klubben og har ansvar for at sportsplanen vert kjent i klubben og at alle laga følgjer retningslinjene som ligg der. Rekrutterings- & opplæringsansvarleg i klubben har organisert oppstart av nye lag og gjennom sesongen organisert kurs for trenarane våre, slik at me følgjer krava me har som kvalitetsklubb. Dommaransvarleg har gjennomført sine samlingar og rekruttering av dommarar i sesongen 2025. Fokuset vårt på opplæring av både trenarar, dommarar og andre frivillige i klubben gir oss eit apparat som gir medlemmene våre eit enda betre tilbod, noko me syns er viktig.

Stord Fotball har i 2025 hatt ulike prosjekt som har gitt eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2025 følgd vår nedfelte strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.

ANLEGG

I 2025 starta me arbeidet med å identifisere ulike områder innan anleggssida me ynskjer å ta tak i for å bygga klubben vidare inn i framtida. Det er viktig at me går fram på ein strukturert måte og at det er dedikerte personar som jobbar med denne sida av klubbdrifta. Dette er krevjande arbeid, men utvikling av ulike anleggstiltak er under utarbeiding.

Det første steget er å etablere ei mindre speleflate ved klubbhuset på Vikahaugane. Dette er det neste prosjektet me ynskjer å realisere og håper å ha det klart i løpet av 2026. Her har me allereie fått innvilga støtte på 300.000 kr frå vår gode hovedsponsor Sparebanken Norge. Resterande kostnader vil me dekke frå salget av Einar Iversen. Det synst me er ein god måte å nytte desse midlane på slik at det kommer mange born tilgode.

Jens Tore Engevik, med sin formelle kompetanse innan bygg og anlegg, som kom inn i styret i 2025 har gitt oss eit langt større trykk på anleggsutviklinga, og me ser fram til å sjå på ulike oppgraderingar og anleggsutviklingsprosjekter i 2026.

Baneanlegg

Dei «nye» kunstgrasbanane, som no begynner å bli nokon år, på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein meir oversiktleg og rasjonell måte enn tidlegare.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane, som for nokon år sidan sto fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg, er no begynt å bli i svært dårleg forfatning. Banen har i 2025 vore hovudarena for mange lag, samt at den vert brukt aktivt av skulane rundt Vikahaugane og spesielt Toppfotball linja ved Stord VGS idrettslinja. Kommunen har no reparert fleire store opne sår i banen og dette har gjort at aktiviteten har blitt utført utan frykt for at dommarar kunne stoppe kampar grunna dårleg dekke. Det ligg og inne politisk vedtak om at banen skal kunne rehabiliterast/bytte dekke i 2026. Grunnen til at det ikkje er gjort tidlegare er at banen er under 10 år gammal og det er då ikkje mogleg å få spelemidlar til dette. Langeland og Ås nærmar seg og eit punkt der fornying må vurderast.

Grasbanen på Vikahaugane var stort sett i bra forfatning i sesongen 2025, men mykje grunna at ein har vore heldig med været. På slutten av sesongen vart likevel banen så våt og dårleg at det var på kanten at me fekk spela dei siste heimekampane på Stord Stadion. Det var ein suksess å leggja på vekstduk på banen i mars 2025. Denne låg i 8 dagar og fekk fart på veksten og dermed strukturen i banen. Det er framleis von om at Stord kommune skal rehabilitere grasbanen.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

DOMMARAR

Ungdom og voksen fotball: Fotballsesongen 2025 er historie. Aktiviteten var høg, og det viste også igjen på antall kamper å dømme. Ved utgangen av 2025 var me 10 aktive autoriserte dommarar i Stord Fotball – ein auke på 2 frå 2024. Inkludert i dei 10 er ein overgong frå Trott på tampen av året.

Rekrutteringsdommarkurs for 2026 sesongen er som før todelt – 1 e-læringsdel som må bestås, før 12 timer fordelt på to dager med fysisk oppmøte.

Fysisk kurs for Sunnhordland er planlagt på Bremnes 07-08.feb. Dommaransvarleg har eit håp om å få med 2-3 frå vår klubb. Det er viktig å få opp antalet då det er ein del av de rutinerte dommarane som har signalisert moglegheit for nedtrapping.

Stord-dommarane hadde til saman 252 kampar i ungdom og seniorfotballen i regi NFF Hordaland gjennom 2025 sesongen, noko som må seiast å vera veldig bra. I tillegg hadde me ca 45 treningskampar – dei aller fleste for lag tilhøyrande klubben, men òg andre lag i distriktet.

Dommargruppa har hatt 3 samlingar i 2025. Felles kick off møte med alle dommarane i sonen i mars, sonesamling i mai på Vikahaugane og Trotthuset i august. Me hadde eit håp om å få til enda betre samarbeid på tvers i sonen, men det har vist seg vanskeleg da det er en del utskiftingar/lite aktive dommaransvarlege i klubbane i Sunnhordland. Eit lyspunkt er Bremnes som har fått på plass ny frå oktober.

Det er ved utgangen av 2025 opp i mot 20 autoriserte dommarar tilknytt laga i Sone Sunnhordland (inkl Trio). Dette er ein nedgang på nokre få dommare ift i fjor. Det er pt ok dekning av dommere, spesielt i dei yngre årsklassane, men antallet må opp – bl.a er det signaler om enkelte som vil trappe ned og nokon er på flyttefot.

Ved vårsamlinga i regi kretsen var 2 av dommarane frå klubben deltakarar på Thon Hotel Kokstad, Dette er nyttige arena for fagleg og sosialt påfyll.

I Sunnhordland er det som sagt ved inngongen til 2026 bra belegg av dommare. Ein bør imidlertid oppmode både vaksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta rekrutteringsdommar-kurs som blir arrangert kvar vår i sonen.

Barnefotball : I vårsesongen var det G/J 14 som dømte kampene i barnefotballen – dei fortsatte med sine dommaroppgåver som starta hausten 2024. Dei gjorde ein meget god jobb og tilbakemeldingane er udelt positive.

Før haustsesongen 2025 og Puttefestivalen var G/J13 inne og tok Klubbdommarkurs. Dei har òg gjort ein strålende jobb gjennom hausten, og kjem til å fortsette vårsesongen 2025. Totalt var ca 25 klubbdommare i aksjon i 2025.

8 dommarar frå barnefotballen var på kurs for å kunne dømme 9`er fotball i 12 årsklassen før sesongen. Dette er ein god læringsarena for å rekruttere til vidare dømning i ungdomsklassen. Underteiknede har varsla at han fråtrer vervet som dommaransvarleg før 2026, men vil hjelpe til med å få ny dommaransvarleg skikkelig i gong gjennom 26-sesongen

Mvh

Per Martin Furevik - dommaransvarleg



KURS OG UTDANNING

I desember dekkja klubben opphald og Cupfinaleseminar på Ullevål stadion for 10stk trenarar/ frivillige som har vert med lenge i klubben. Vår nye samarbeidspartner DAT, sponsa flyreisa tur/ retur Stord – Oslo.

For klubben er det viktig å ta vare på og utvikle både kompetansen og samhaldet i trenar og lagleiar gruppene. Dette er noko me har satt fokus på og me ser at klubben er ein attraktiv arena for trenarar og dommarar å utvikle seg i.

AKER SOLUTIONS PUTTEFESTIVAL



Aker Solutions Puttefestival vart i 2025 arrangert for 36. gang med ca. 200 påmeldte lag. Det er 2. året på rad med ny påmeldingsrekord!

Atter ein gong vart Vikahaugane fylt med glade og forventningsfulle spelarar, trenarar, foreldre og andre interesserte. Tilbakemeldingane var svært gode; nok ein festival me kan vera stolte av!

Festivalleiar Robin Øvrevik og den kompetente arrangementskomiteen gjennomførte festivalen på ein framifrå måte saman med om lag 500 foreldre og ungdoms/seniorospelarar som stilte opp og gjorde ein fantastisk innsats. Dette er eit formidabelt lagarbeid!

Som i 2024 vart hoppeslott flytta inn i Nyehallen då det vart ein god erfaring frå året før. Samstundes vart det arrangert ulike andre aktivitetar i nærleiken av hoppeslotta, mellom anna ein særskild populær stasjon med ansiktsmaling. Det vart også rigga til med mange bord i Nyehallen, noko som fungerte bra og gav mange ein velfortent pause utpå dagen.

I 2025 var me svært heldige med veret og Aker Solutions Puttefestivalen vart ein god oppleving for store og små.

Tusen takk til det lokale næringslivet for dykkar støtte, tusen takk til alle som jobba dugnad og tusen takk til alle som var med å gjere dette til nok ei minnerik helg for unge fotballspelarar og deira nærmaste.



ØVRIGE ARRANGEMENT

Stord Fotball har i 2025 arrangert følgjande:

3v3 cup, inne, i januar og november.

Fotballskule i vinterferien, ei veke i februar.

Tine Fotballskule, ei veke i juni.

Sommarklubb, 3 veker i juni og juli.

Fotball- og aktivitetsskule, ei og ei halv veke i august.

Puttefestivalen i august.

Fotballskule i haustferien, ei veke.

Romjulscupen.

Fotballdag, 4 gonger, på planleggingsdagar.

SENIOR MENN



2025-sesongen vart ein god sesong for Stord Fotball. Innleiinga til sesongen var prega av ein del «uro», då fleire av dei rutinerte spelarane hadde valt å trappe ned. Trenarteamet som endeleg var på plass i slutten av januar var Robin Øvrevik, Kjell Petter Neset og keepertrenar John Andre Njåstad.

Laget opna oppkøyringa med mange nye spelarar. Treningsleiren til Spania i midten av februar vart ekstremt viktig for gruppa. Her fekk me jobba tett i lag og la grunnlaget for kulturen i gruppa. Det var på mange måtar eit generasjonsskifte for Stord Fotball, der rutinerte spelarar som Johannes Kyvik Skard og Roger Blokhus Ekeland var viktige spelarar med gode verdiar som løfta gruppa undervegs.

Totalt spelte 29 ulike spelarar A-lags kamp for Stord Fotball i 2025.

Eldstemann var også dette året Kristian Magnussen, 43 år.

Alt i alt ein god sesong for Stord Fotball, med mange unge spelarar som fekk debutere i 3. divisjon. Laget enda på 7. plass, med ein målforskjell på 58-54 og 42 poeng. Der toppscorar Roger Blokhus Ekeland skåra 34 av måla!

Prisar:

Årets spelar: Roger Blokhus Ekeland

Årets Toppskårar: Roger Blokhus Ekeland

Årets mest framgangsrike: Albert Sjo Hystad

Støtteapparat:

Oddvar Skard

Jan Aksnes

Ivar Andre Vedå

SENIOR DAMER



Laget fekk ein treg sesongstart grunna skadar og varierende treningsgrunnlag, men utviklinga steig i takt med betre oppmøte. Hovudmålet som var å halde plassen i 3. divisjon vart nådd utan større utfordringar.

Individuell utvikling er jobba med gjennom kvalitet i øvingar og konkrete tilbakemeldingar. Spelarar med skadar vart følgde tett opp og fekk tilpassa retur til trening. Lagmiljøet auka gradvis og blei sterkare gjennom sesongen.

Samarbeidet med støtteapparat og klubb fungerte fint. Treningar har vert planlagde og tilpassa, og VEO er blitt brukt aktivt til analyse og læring.

Spelarstallen har potensial til topp 3. divisjon, men ønske om forsterkingar – spesielt spelarar med høg treningsvilje, noko me ser finnes i distriktet.

Målet for neste sesong bør vere å etablere seg blant topp 5. Det er behov for eit styrka støtteapparat, med sosialgruppe, arrangementsgruppe, dugnadsgjeng og lagleiar. Klubben bør også satse på gode trenarar i yngre årsklassar og leggje til rette slik at trenaren kan fokusere på trenarrolla.

Prisar:

Årets spelar: Tuva Kismul Østvold

Årets Toppskårar: Amanda Almås

Årets mest framgangsrike: Amanda Almås

Trenar og støtteapparat:

Øyvind Mellemstrand

Jonas Jonsson

Atle Ersland

Anders Ekse



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

BARNE- og UNGDOMSFOTBALLEN

2025 er eit nytt år kor me opplever godt driv og utvikling i barnefotballen. Mange born i våre to skulekrinsar (Leirvik og Langeland) ynskjer å spele fotball, og me opplever eit fint engasjement for arbeidet hjå mange. Å sikre gode rammer for borna med gode og trygge vaksne rundt, er eit prioritert arbeid for oss. Ein god oppstart med presentasjon av rammene for trenar- og lagleiarvervet; sportsplan og klubbhandbok, tilbod om kurs og jamn rettleiing, er område me ynskjer å byggja vidare på og styrka. Det veit me er førebyggjande. Det å «kopla» laga frå dei ulike skulekrinsane saman er òg ønskjeleg. Erfaringsmessig er verdien av å få til samkøying tidleg til det beste.

I 2025 har utvalet arbeidet vidare med AlleMe-prosjektet. Det er no inne i sitt femte år. Me opplever at prosjektet byrjar å finna ein form som er handterleg.

Verdt å merka seg er at Stord fotball starta samarbeid med Brann og var med å starta Kniksen Sunnhordland i lag med fleire andre naboklubbar. Kniksen Sunnhordland har i dag om lag 170 medlemmar. I tillegg får me vidareutvikla lokale trenarar frå Stord Fotball, som Sverre, Thomas, Gøran og Victoria. Treningar kvar laurdag og søndag gjennom heile året med unntak av sommarferie og juleferie.

I utvalet 2025:

Svein Ove Eikenes
Trond Eirik Samdal Nielsen
Lars Peder Langeland
Kjell Robert Stokka
Lars Peder Langeland
Espen Kyvik

JENTER 13



Jenter 13 år (J2012) blei fra året 2025 slått saman med Solid J13, og med 9 spelarar frå klar klubb var det eit perfekt utgangspunkt for samarbeid. Jentene hadde trent saman ei stund før samanslåing, og kjente kvarandre litt frå før av.

Jentene har stortrivst i lag frå første stund, og trenarar og lagleiarar har nytt godt av å bli ei større leiargruppe for laget. Jentene har spelt i Storddraktar på Vikahaugane, og i Soliddraktar i Hustredalen.

2025 har vore eit innhaldsrikt og spanande år for laget. Jentene spela i Rogalandsserien i 2. divisjon, og gjorde ein god innsats våren 2025, med nokre seirar og nokre tap.

I tillegg hadde me sosiale samlingar, med bl.a. klatring i Nysæterhallen og felleskvelds etter trening. I tillegg hadde me dugnadar i form av luking av bed, pantedugnad og plastdunad i Leirviksområdet.

Det er ein sosial gjeng, og me har hatt mange kjekke stunder saman. Fleire av jentene meldte seg òg på dommarkurs i regi av Solid før Kiwi Bama cup våren 2025, og fleire av jentene har fortsatt som dommarar i ettertid, både på Puttefestivalen og som dommar på seriekampar hausten 2025.

I juni reiste me til Sør Cup i Kristiansand/Vennesla. Laget klarte seg kjempegodt, og enda til slutt i finalen i B-sluttspillet mot Djerv1919. Finalen blei spelt i strålende sol i Kristiansand sentrum, og med 1-1 som sluttresultat etter ordinær speletid blei det straffesparkkonkurranse. Djerv1919 gjekk seirande ut av denne. Det blei likevel ein kjempefin og lærerik opplevelse for jentene.

Hausten 2025 opplevde laget stor utvikling og spelarglede, både individuelt og som lag. Jentene var òg med i Haugesund Sparebank Cup i slutten av oktober, og spela godt mot fleire gode lag i regionen. Me har opplevd godt oppmøte på trening, og me har opplevd lite fråfall.



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Jentene enda til slutt opp med å vinne serien i 2025, og siste kamp før jul hadde Jens Rune Kyvik stelt i stand både musikk, røyk og lysshow før kampstart på Vikahaugane. Stor stas!

Me vil takke alle spelarar for innsatsen, samt trenarar og foreldre for alt engasjementet i 2025. No gler me oss til eit nytt spanande år, med 11-fotball.

Trenarar: Espen Kyvik, Katrine Borgenvik, Stig Ørjan Heimro
Lagleiarar: Lovise Heimro, Per Ove Alvsvåg og Gunhild Moss

JENTER 16



I 2025 sesongen har j2009 vært en gruppe med ca 23 fra Leirvik, Langeland og noen fra Fitjar.

Vi Kick startet sesongen med en overnatting hos Avalsnes, vi fikk leie hallen deres. Laget har hatt 3-4 treninger i uken. Noen av jentene har fått hospitert opp til damelaget.

Cuper vi var med på:

Lerøy jente cup, her fikk vi oss en fin 4. plass.

Vidar Cup, denne cupen klatret vi til 2. plass

Dana cup.

Reggie cup, her og endte vi på en sterk 2. plass.


I serien spilte vi i 2. Div i Hordaland. Her vant vi.

Trener: Svein Ove Eikenes, Lars Peder Langeland, Asle Skulstad og Espen Lone.

Fra høsten fikk vi inn Dagfinn Hillestad i trener teamet.

Lagleder: Line Erichsen.

GUTAR 13



Sesongen 2025 har vore eit år prega av fullt samarbeid med Solid. Samarbeidet vart etablert i januar, med fire treningsøkter per veke fordelt mellom Solidbanen og Langeland.

Gjennom sesongen har troppen bestått av om lag 50 spelarar. Oppmøtet på treningane har i hovudsak lege på 30–35 spelarar, med noko lågare oppmøte på søndagstreningane.

Til vårsesongen meldte vi på tre lag: eitt lag i 1. divisjon, eitt i 2. divisjon og eitt i 3. divisjon. Med ein stor spelarstall viste det seg utfordrande å gje alle eit tilfredsstillande kamptilbod i vårsesongen. I forkant av haustsesongen valde vi difor å melde på eit fjerde lag i 3. divisjon. Dette sikra alle spelarane god kampaktivitet utover hausten.

Vi har gjennom sesongen sett ei tydeleg positiv utvikling både i ferdigheitsnivået hos spelarane og i det kollektive spelet. Lag som opplevde tap i vårsesongen, klarte i fleire tilfelle å snu dette til singlar i haustsesongen. Det har vore lagt stor vekt på ballbesittande øvingar i varierende banestorleikar, både med og utan keeper, noko vi har sett har gjeve gode utslag i kampsituasjonar.

I tillegg til deltaking i Adidas Cup og Olaussen Cup for førstelaget, samt Vintercup for både første- og andrelaget, vart Sør-Cup det definitive høgdepunktet for spelarane. Til Kristiansand reiste vi med to jamnbyrdige nierlag på nivå éin og to jamnbyrdige sjuerlag på nivå to. Spelarane fekk kjenne på tøff motstand, men opplevde mange jamne kampar og ei minnerik turnering med sterkt sosialt fokus.

Trenarar

Stord:

Martin Grindstad, Javier Ignacio Moyano, Magnar Haaland Olsen, Tor Magne Prestøy Lie, Remy Smolka, Kjetil Østrem

Solid:

Andre Valvatne, Bjørn Jørgensen

GUTAR 14



2025 har vore eit innhaldsrikt år for Stord G14 (G2011).

Me starta med ei stor spelargruppe etter samanslåing av Solid og Stord på dette årstrinnet. Nytt for sesongen var ny hovudtrenar Thomas Steensohn, ilag med Kjell Robert Stokka som var ny trenar inn.

Trenargruppa endra seg og Magnus Grov slutta som trenar, og det same har Kåre Olav Skram gjort. Totalt har det vore 4 trenarar som har fulgt gutane, Thomas, Kjell Robert, Gøran og Halvor. Det har vore ein jamn og god trenardekning på alle treningar. I tillegg til lagleiar Julie.

Treningar: Det er utført spelarundersøkingar for å kartlegge kor mange treningar gutane ynskjer å delta på, og om dei ynskjer å spele på 1.el 2.laget.

Det har vore totalt 4 treningsøktar a 1,5 t som har vore tilbodet for dei ivrigaste.

Me har delteke i fleire cupar gjennom året, noko som har gitt oss verdifull kamptrening og gode opplevingar saman:

- Vinterserien – nokre gode kampar og matching, men det vart vanskar med værforhold og vanskar med gjennomføring av kampar, og me enda med å trekke oss frå turneringa.
- Adidas cup – god matching mot sterke lag.
- Dana Cup – 2 lag påmeldt og ei stor gruppe som reiste. Alle trenarar og lagleiar deltok.
- Olaussen Elite Cup (hausten) – Ei krevjande turnering med høgt nivå, der me fekk mykje læring og erfaring.
- Regy Cup (hausten) – var diverre fullbooka, og me fekk ikkje plass.

GUTAR 15



Stord G2010 har i år og vore ei stor gruppe bestående av Stord, Trott og Solid spelarar. Dei har vore ei flott gruppe med motiverte og ivrige fotballspelarar. Me har hatt nivådeling og hatt 3 lag påmeldt i serien. Lag 1 har vore i 2. divisjon i G16 serien i Hordaland mens lag 2 og 3 har vore i 2. og 3. divisjon i G15 serien i Rogaland.

Gruppa har hatt inntil 4 treningar i veka og gutane har valt sjølv kor mange dei har vore med på, men minimum 2 og mange har vore på 4 treningar kvar veke, og gjerne ein kamp oppå der igjen. Det har vore mykje kampar og logistikk med ei gruppe på over 50 spelarar, men det har vore mykje god fotballutvikling og nye vennskap er bygd. Nokre har og fått hospitert opp og spelt kampar med årsskullet over.

Gutane (og foreldra) har vore gode på dugnad og me fekk ein flott sommarcup til Danmark og Danacup. Heile gjengen vart innkvarter i same gymsal, so det blei ei noko tett affære, men gutane hadde det kjempekjekt saman.

Gutane deltok med tre lag i Haugesund Sparebank Cup i haust, der me enda med eit lag i både A og B finalen. Begge lag fekk med heim pokal, men det blei knepne tap på begge. Ein kanoninnsats frå gutane som no ikkje var delt i nivå, men blanda på tvers av nivå. Ein kjempekjeck cup for alle, sjølv om ein måtte ha vekkarklokka på tidleg den helga.

Hautsesongen vart den siste for denne gjengen samla då samarbeidet med dei andre klubbane vart avslutta. Gjengen slutta av i lag med eit kjekt sosialt lag på Nordbygda ungdomsskule med pizza, landslagskamp og god stemning. Ein flotte gjeng å jobbe med og gutane syns alle at det var tungt å skulle bryte opp gruppa.

G2010 Stord-gjengen starta i vinter med bli kjent kveld og nokre treningar saman med G2011 før ei velfortent julaferie.

Støtteapparatet har vore stort og på det meste opp mot 20 trenarar og lagleiarar.

GUTAR 16



Leif Didrik «Dikki» Steensohn var hovudtrenar også denne sesongen.

Laget består av 15-16 svært treningsvillige gutar, og me har også nytta oss av nokre G15 gutar i kampar i løpet av sesongen.

Starta sesongen med deltaking i vinterserien i Bergen, der da blei seier i finalen. Seriespel blei det for andre året i Bergen sin 1.div, der det blei 2.plass på våren og KM-serien hausen 2025. Blei mange unødvendige tap i løpet av hausten, så kampen om KM gjekk utan Stord. Det blei også i 2025 deltaking i Adidascup, og det blei seier 1-5 i 1/16 dels mot Åsane i da som blei årets beste kamp for G16. Det blei tap i 1/8 mot Løvenstad på Åmot stadion.

Sommarcup blei det i Danmark og Danacup. Leif Didrik Steensohn reiste saman med dei fleste gutane over til Danmark, og Dikki og gutane budde på fellesrom med G14. Cupeventyret slutta i andre runde mot eit solid Brodd som til slutt vant cupen.

Hovudtrenar: Leif Didrik «Dikki» Steensohn

Assistenttrenar: Tore Johannessen

Lagleiarar: Olav Sævareid, Roger Sortland & Linda Laukhamar

JUNIOR 1&2



Året 2025 vart eit år med både utfordringar og positive erfaringar for G19-1. Sesongen starta med ny hovudtrenar i Jon Andre Røyrane, samstundes som laget gjekk inn i ein generasjonsovergang med eit stort avgangskull frå 2006, få spelarar fødde i 2007 og eit stort innslag av 2008-spelarar. Dette førte til eit svært ungt juniorlag.

Treningsviljen i spelargruppa har vore svært god gjennom heile året. Laget har gjennomført 3–4 treningsøkter per veke, med eit gjennomsnittleg oppmøte på 15–20 spelarar per økt.

Tidleg i sesongen var målsetjinga å delta i G19 2. divisjon Hordaland. Laget vart likevel plassert i G19 2. divisjon Rogaland. Bakgrunnen for ønsket om 2. divisjon var å unngå ein reprise av føregåande sesong, der laget fekk store utfordringar i 1. divisjon.

Seriespelet i 2. divisjon vart gjennomført på ein svært god måte, og laget vann avdelinga relativt komfortabelt. Sesongen enda med sju singlar og eitt tap.

Jr2 spela i 3.divisjon Rogaland og hadde ein positiv sesong med gode resultat og kjekke kampar.

I sommarferien deltok laget i Norway Cup, noko som vart ei svært positiv oppleving for både spelarar og støtteapparat. I gruppespelet vart det éin siger, éin uavgjort og eitt tap, noko som på små marginar førte laget vidare til B-sluttspillet. Etter å ha lagt skuffinga bak seg leverte spelarane ein sterk turnering og tok seg heilt til semifinalen i B-sluttspillet.

SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Etter vår- og sommarsesongen vart det tydeleg at laget hadde behov for eit meir utfordrande sportsleg tilbod for å sikre vidare utvikling for spelarane. Laget meldte seg difor på i G19 1. divisjon Bergen for haustsesongen. Her møtte laget svært sterke motstandarar med høgt individuelt og kollektivt nivå, noko som resulterte i ein krevjande haust.

Fasit etter ferdigspelt serie vart tre uavgjorde kampar og fem tap. Fleire av dei uavgjorde kampene kunne med betre utteljing ha vorte til singlar, og resultatbiletet kunne dermed sett annleis ut. Samstundes viste laget i periodar at dei er i stand til å konkurrere med dei beste, men òg at laget framleis er ungt og har mykje å utvikle.

Trass i ein resultatmessig tung haust har spelargruppa vist svært god haldning, høg motivasjon og sterk treningsvilje. Oppmøtet på treningar og kampar har vore gjennomgåande godt.

Trenarar:

Sander Stokka, Jon Andre Røyane

Oppmenn:

Kristian Matre, Maren Lien



SIL ÅRSRAPPORT 2025

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette, trenarar, lagleiarar som brukar fritida si på å gje born og unge eit godt tilbod i klubben, og til slutt takk til alle sponsorar og støttespelarar som har vore med å bidratt i 2025.

